

AVDEKKING
AV KARTELL
HAR
TOPP
PRIORITET





Kort om Konkurransetilsynet

Konkurransetilsynet arbeider for sunn konkurranse, til beste for forbrukarane og næringslivet.

KONKURRANSETILSYNET HANDHEVER KONKURRANSELOVA

■ ■ Lova forbyr samarbeid som avgrensar konkurransen og misbruk av dominerande stilling. Næringsdrivande har plikt til å melde fusjonar og oppkjøp til Konkurransetilsynet, og tilsynet skal gripe inn mot fusjonar og oppkjøp som avgrensar konkurransen vesentleg. Tilsynet kan på sjølvstendig grunnlag peike på offentlege ordningar og reguleringar som påverkar konkurransen. Den noverande konkurranselova tredde i kraft 1. mai 2004.

KORTE FAKTA

Etablert:	1994
Hovudkontor:	Bergen
Tilsette:	102
Budsjett 2008:	88,9 mill. kr
Mottekne saker 2008:	1074

Tipstelefon 55 59 75 55

Kontakt oss dersom du kjenner til eller har mistanke om brot på konkurranselova. Oppdragsgjevarar, kundar og konkurrentar er dei næraste til å oppdage ulovleg åtfærd.

DEN FØRSTE SOM VARSLAR, GÅR FRI

■ ■ Samarbeid med konkurrentar kan straffast med høge bøter. Det første selskapet som bryt ut av samarbeidet og varslar Konkurransetilsynet, kan gå fri.

Vil du varsle? Ring 55 59 75 38.

WWW.KONKURRANSETILSYNET.NO

- Informasjon om tips og varsling
- Siste nytt om konkurranse
- Informasjon om konkurransereglane
- Vedtak, avgjerder, påpeikingar og høyrings svar
- Fusjoner og oppkjøp som er melde til tilsynet
- Publikasjonar
- Kraftprisoversikta

SJEKK KRAFTPRISEN I DIN KOMMUNE

■ ■ Mange forbrukarar kan spare pengar ved å byte kraftleverandør eller kraftavtale. Kraftprisoversikta på www.konkurransetilsynet.no gjer det enklare å vurdere om det vil løne seg å byte.

KLAGENEMNDA FOR OFFENTLEGE ANSKAFFINGAR (KOFA)

■ ■ Stat og kommune kjøper varer og tenester for over tre hundre milliardar kroner i året. Lova om offentlege anskaffingar skal sikre reell konkurranse om desse leveransane, slik at pengane blir nytta mest mogleg effektivt. KOFA handsamar klager om brot på regelverket. KOFA sitt sekretariat ligg administrativt under Konkurransetilsynet.



Innhold

INTRODUKSJON:

- Direktøren har ordet ■■ side 2/3
- Konkurransetilsynet i samfunnet ■■ side 4
- Prioriterte marknader i 2008 ■■ side 5
- Hovudresultat i 2008 ■■ side 6

TEMASEKSJON:

- Daglegvare ■■ side 8/9
- Bustadannonsering ■■ side 10/11
- Kringkasting ■■ side 12/13
- Drivstoff ■■ side 14/15
- Transport ■■ side 16

RAPPORTSEKSJON:

- Etterforskningsarbeidet ■■ side 18/19
- Viktige lovendringar ■■ side 20
- Internasjonalt arbeid ■■ side 21
- KOFA ■■ side 22/23
- Omdømme ■■ side 24
- Sjekkliste for innkjøparar ■■ side 25
- Informasjon og kommunikasjon ■■ side 26
- Organisasjon ■■ side 27
- Personale ■■ side 28/29
- Rekneskap ■■ side 30/31
- Saksstatistikk ■■ side 32
- Ordforklaringar ■■ side 33

Ein god konkurransepolitikk er tydeleg og føreseieleg. Næringsdrivande vil da tenkje seg godt om før dei inngår ulovleg samarbeid om prisar, tilbod og marknadsdeling.



I KRISETIDER MÅ KONKURRANSEPOLITIKKEN LIGGJE FAST

■ ■ I perioden 2002 til 2007 auka Norge si disponible inntekt med meir enn 50 prosent. Dette er truleg utan sidestykke i norsk historie. Den økonomiske oppgangen internasjonalt dreiv opp prisane på olje, gass og andre eksportvarer. Samtidig kjøpte vi stadig fleire av forbruksvarene våre billig frå nye EU-land og frå Asia. Velfungerande marknader gjorde at inflasjonen og arbeidsløysa nådde eit historisk lågt nivå.

No er OECD-landa inne i den djupaste nedgangskonjunkturen etter den andre verdskrigen. Sjølv om Norge er betre stilt enn mange andre land, går også produksjonen i Norge tilbake, og arbeidsløysa er aukande.

Erfaringane frå krisa på 1930-talet er klare: Proteksjonistiske tiltak forverra krisa og gjorde at ho blei meir langvarig enn nødvendig. I Norge, og i fleire andre land, oppfordra styresmaktene bransjar til samarbeid for å halde kontroll med produksjon og prisar. Formålet var å sikre sysseletjing og inntekt på kort sikt. Bransjeforeningar blei oppmoda til å organisere prissamarbeid, noko som i dag ville ha vore ulovleg.

Etter den andre verdskrigen og fram til slutten av 1970-talet blei det i periodar ført aktiv motkonjunkturpolitikk for å halde produksjon og sysseletjing oppe. Til tider blei dette kombinert med løns- og prisstopp for å hindre uakseptabelt høg inflasjon. Arbeidet med å fremje ein effektiv konkurranse var lågt prioritert i denne perioden. Etter kvart kom ein til å sjå på løns- og prisstopp som mindre eigna verkemiddel. I Langtidsprogrammet 1982–1985 lanserte regjeringa Brundtland det vi i dag ser på som moderne konkurransepolitikk, blant anna for å halde prisstiginga i sjakk. Det var aukande forståing for kva marknader som fungerer vel, hadde å seie for å sikre effektiv bruk av ressursane i samfunnet.

Ein god konkurransepolitikk er tydeleg og føreseieleg. Næringsdrivande vil da tenkje seg godt om før dei inngår ulovleg samarbeid

om prisar, tilbod og marknadsdeling. Strafferabatt og amnesti for å varsle om kartellsamarbeid vil gjere at det løner seg å bryte ut. Føretak med marknadsmakt vil vere forsiktige med å stengje ute konkurrentar, drive med underprising, og å gi rabattar som låser kundane til føretaket. Konsekvent fusjonskontroll fører til at aktørane i mindre grad vil prøve å få i stand fusjonar som er samfunnsøkonomisk skadelege.

I tida framover vil tiltakspakkane til regjeringa gi viktige bidrag for å dempe nedgangen i norsk økonomi. Ekstraordinære løyvingar til offentlege prosjekt innan bygg og anlegg stiller høgare krav til dei som skal gjennomføre offentlege anskaffingar. For å få så mykje som mogleg ut av løyvingane, er det viktig at ein følgjer reglane for offentlege innkjøp. Det er også viktig at prisane ikkje blir blåsne opp gjennom ulovleg samarbeid om prisar, tilbod og marknadsdeling. Derfor må reglane for anskaffingar liggje fast, og Konkurransetilsynet si overvaking av utsette marknader må styrkast.

Finanskrisa gir altså ikkje grunn til å slakke på konkurransepolitikken. Snarare tvert om! Konkurranse er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit middel til å oppnå effektiv bruk av knappe ressursar og meir velferd for alle. Sunne bedrifter som er vane med konkurranse, står sterkare rusta til å takle kriser – både finansielt og fordi dei har evne til å omstille seg.

Bergen, april 2009



Knut Eggum Johansen
Konkurransedirektør



Konkurransetilsynet i samfunnet

Hovudoppgåva til Konkurransetilsynet er å handheve konkurranselova. Formålet med lova er å fremje konkurranse for å bidra til effektiv bruk av samfunnet sine ressursar.


ROLLE OG OPPGÅVER

- Kontrollere at næringsdrivande respekterer forboda i konkurranselova mot samarbeid som avgrensar konkurransen og mot misbruk av dominerande stilling
- Føre kontroll med at fusjonar, oppkjøp og andre føretaks-samanslutningar ikkje avgrensar konkurransen vesentleg
- Setje i verk tiltak for å gjere marknadene meir gjennomsiktinge
- Handheve artikkane 53 og 54 i EØS-avtalen
- Påpeike offentlege tiltak og reguleringar som har uheldige verknader på konkurransen

Konkurransetilsynet kan gi næringsdrivande gebyr om dei bryt konkurranselova.

Tilsynet er også eit rådgjevingsorgan for Fornyings- og administrasjonsdepartementet og utfører oppgåver for departementet i aktuelle spørsmål, først og fremst på det konkurransepolitiske området.

Kvart år utarbeider departementet eit tildelingsbrev med rammer for verksemda det komande året. Drifta blir finansiert over statsbudsjettet.



■ = konkurransestyresmaktene

Fornyings- og administrasjonsdepartementet legg rammene for arbeidet til Konkurransetilsynet. Departementet handsamar klager på tilsynet sine vedtak og avgjerder, bortsett frå vedtak om lovbrotsgebyr. Slike vedtak må eventuelt prøvast for domstolane ved søksmål.

Samfunnet







Sunn konkurranse – gir betre utval, lågare prisar og betre kvalitet
– bidreg til internasjonal konkurransevne

Prioriterte marknader i 2008

OMRÅDE	UTFORDRING	STRATEGISKE MÅL	LES MEIR
<p>■ ■ DAGLEGVARE</p>	<p>Daglegvaremarknaden er svært konsentrert og det er vanskeleg å etablere seg som ny aktør i marknaden. For mange viktige produkt er det også høg konsentrasjon på leverandørsida. Meierimarknaden er eit eksempel på dette.</p>	<p>Konkurransetilsynet prioriterer å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • avdekkje ulovleg samarbeid mellom konkurrentar • gripe inn mot oppkjøp eller fusjonar som svekkjer konkurransen • peike på offentlege reguleringar som gjer det vanskeleg for nye aktørar å etablere seg • overvake kjedene sine avtalar med store leverandørar • styrkje konkurransen i meierimarknaden 	<p>s. 8–9</p>
<p>■ ■ FINANS OG TENESTER</p>	<p>Kundar i finansmarknadene, som omfattar bank, sparing og forsikring, byter leverandør sjeldan. Mange opplever det som vanskeleg å orientere seg i marknaden.</p> <p>Dei store nettportalane har nekta andre enn eigedomsmeklarar, advokatar og nokre utbyggjarar å annonsere bustader på portalane. Dette har avgrensa valfridomen til dei som skal selje bustaden sin.</p>	<p>Konkurransetilsynet prioriterer å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • avdekkje ulovleg samarbeid mellom konkurrentar • sikre at kundane blir i stand til å samanlikne ulike produkt • bidra til å gjere det enklare å byte leverandør • sjå til at dei internasjonale kortsystema held seg innafor konkurranselova • sikre tilgjenge til nettportalane for alle som skal selje bustader • leggje til rette for at fleire kan tilby tenester til bustadseljarar 	<p>s. 10–11</p>
<p>■ ■ KRINGKASTING</p>	<p>TV-marknaden er prega av store teknologiske og strukturelle endringar. Sløkkinga av det analoge bakkenettet inneber ei ekstraordinær situasjon fordi mange kundar må finne ein ny TV-leverandør. Utviklinga bidreg til konkurranse på sikt, både mellom aktørar på same distribusjonsplattform og mellom dei ulike plattformene.</p>	<p>Konkurransetilsynet prioriterer å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • avdekkje ulovleg samarbeid mellom konkurrentar • leggje til rette for konkurranse mellom aktørar på same plattform • bidra aktivt til ei utvikling som legg til rette for sunn konkurranse på sikt 	<p>s. 12–13</p>
<p>■ ■ DRIVSTOFF</p>	<p>På landsbasis er konsentrasjonen i drivstoffmarknaden relativt høg. Ettersom konkurransen også utspeler seg i lokale marknader, kan konkurranse-situasjonen variere frå stad til stad.</p>	<p>Konkurransetilsynet prioriterer å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • avdekkje ulovleg samarbeid mellom konkurrentar • følgje pris- og konkurranseutviklinga nøye • føre kontroll med fusjonar og oppkjøp for å sikre eit tilstrekkeleg tal på uavhengige og konkurrerende oljeselskap 	<p>s. 14–15</p>
<p>■ ■ TRANSPORT</p>	<p>I drosjemarknaden er konkurranse naudsynt for å kunne gjennomføre anbodskonkurransar om til dømes pasienttransport. Løyvestyresmaktene og innkjøparane kan påverke graden av konkurranse.</p> <p>Konkurranse i luftfarten er eit prioritert område.</p>	<p>Konkurransetilsynet prioriterer å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • avdekkje ulovleg samarbeid mellom konkurrentar • arbeide for auka konkurranse i luftfarten, mellom anna ved å leggje til rette for nyetableringar • styrkje konkurransen i lokale drosjemarknader • arbeide for betre og samanliknbar prisopplysning til drosjekundane • innføre eit meit oversiktleg takstsystem 	<p>s. 16</p>
<p>■ ■ ETTERFORSKING</p>	<p>Kampen mot kartellverksemd har høgste prioritet i Konkurransetilsynet. Prissamarbeid, anbodssamarbeid og marknadsdeling er til stor skade for samfunnet, og det er ofte vanskeleg å avdekkje slike lovbrøt.</p>	<p>Konkurransetilsynet prioriterer å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • følgje opp alle indikasjonar på grove lovbrøt • betre kunnskapen om lemping • prøve ut tiltak som kan auke evna til å avdekkje kartell på lengre sikt • styrkje organiseringa av etterforskningsarbeidet • auke kompetansen til medarbeidarane 	<p>s. 18–19</p>



Hovudresultat i 2008

OMRÅDE	HOVUDRESULTAT		LES MEIR
<p>■ ■ DAGLEGVARE</p>	<p>Konkurransetilsynet har i 2008: sett vilkår for Rema 1000 sitt oppkjøp av Lidl, for å sikre konkurransen i ein lokal marknad tilrådd Voss kommune å ta omsyn til konkurransen i samband med endringa av ein reguleringsplan, og fått gjennomslag for dette innført ei overvakingsordning for bruttomarginane i meierisektoren for å hindre prisåtfærd som er til skade for konkurransen</p>		s. 8–9
<p>■ ■ FINANS OG TENESTER</p>	<p>Konkurransetilsynet har i 2008: vore ein pådrivar i arbeidet for å gjere det enklare å byte bank sett i verk undersøkingar av marknaden for internasjonale betalingskort foreslått ei forskrift som pålegg nettportalane å gi alle tilgjenge til bustadannonsering</p>		s. 10–11
<p>■ ■ KRINGKASTING</p>	<p>Konkurransetilsynet har i 2008: bidrege til at medierettane til norsk toppfotball blei fordelt på fleire aktørar tilrådd å oppretthalde konsesjonsvilkåret om at ein konkurrent til Riks-TV skal få plass i det digitale bakkenettet stansa Opplysningen Mobil sitt oppkjøp av Aspiro Søk</p>		s. 12–13
<p>■ ■ DRIVSTOFF</p>	<p>Konkurransetilsynet har i 2008: undersøkt om prismønsteret i drivstoffmarknaden skuldast eit ulovleg samarbeid sett vilkår for Shell si overtaking av YX-stasjonar for å sikre konkurransen i lokale marknader sett i gong eit utgreiingsprosjekt for å få auka innsikt i konkurranseforholda i marknaden</p>		s. 14–15
<p>■ ■ TRANSPORT</p>	<p>Konkurransetilsynet har i 2008: varsla Taxi Midt-Norge om eit mogleg lovbrotsgebyr for anbodssamarbeid unntateke fem kommunar i Østfold frå forskrifta om maksimalpris for drosjekøyring arbeidd med forslag til eit nytt takstsystem for drosjenæringa gjennomført bevisikringar i luftfartsmarknaden og i turbilmarknaden</p>		s. 16
<p>■ ■ ETTERFORSKING</p>	<p>Konkurransetilsynet har i 2008: fatta vedtak om lovbrotsgebyr i to kartellsaker og meld ei sak til politiet styrka etterforskningsseksjonen med fleire medarbeidarar med spesialkompetanse fullført etableringa av eit moderne laboratorium for sikring og analyse av databaseslag gjennomført fleire kurs i etterforskningsrelaterte emne</p>		s. 18–19

KONKURRANSE

ER IKKJE

EIT MÅL

MEN

EIT MIDDEL

Overvaking av

MEIERI- MARKNADENE

Det er brei politisk semje om å sikre gode prisar til mjølkebøndene i Norge. Samstundes er det også eit ønskje å oppnå lågast moglege prisar på meieriprodukt til forbrukarane.



■ ■ Mindre enn halvparten av forbrukarprisen har samband med råvareprisen på mjølk. Derfor har konkurransen på meieriledet og detaljledet mykje å seie for at forbrukarane skal få låge prisar. Handheving av konkurranselova i desse marknadene er derfor ei viktig oppgåve for Konkurransetilsynet.

EIN KONSENTRERT MARKNAD

Meierisamvirket Tine har framleis nærast monopol på innsamling av mjølkeråvare, med ein marknadsdel på om lag 96 prosent. Tine er òg den klart største aktøren på foredlingsleddet i meierinæringa. Meierimarknadene er kjenneteikna av høge etableringshindringar som gjer det vanskeleg for nye aktørar å etablere seg, og for eksisterande aktørar å utvide eiga verksemd.

Ein slik marknadsstruktur legg forholda til rette for misbruk av dominerande stilling i strid med konkurranselova. Dei mest sannsynlege formene for misbruk av dominerande stilling vil vere marginskvis, bruk av konkurranseskadelege rabattar og eksklusivitetsavtalar.

MARGINSKVIS

Marginiskvis kan oppstå i marknader der eit vertikalt integrert føretak leverer råvarer både internt i eige føretak og til uavhengige tredjepartar som i nedstrømsmarknaden er konkurrentar til det vertikalt integrerte føretaket. Dersom prisane på produkta på foredlingsleddet blir så lave at dei ikkje dekker foredlingskostnadene medrekna råvareprisen, kan det liggje føre ein konkurranseskadeleg marginskvis.



KORTFATTA OMTALE AV MARKNADEN OG SÆRSKILDE TILTAK

I Norge er det i underkant av 17 000 mjølkeprodusentar. Dei aller fleste leverer mjølka si til Tine, medan ca. 500 produsentar leverer til Q-meieria. Tine nyttar det meste av mjølka i eiga foredlingsverksemd, men sel òg mjølkeråvare vidare til konkurrerande føretak. På foredlingsleddet i meierisektoren vert mjølka vidareforedla til mellom anna konsummjølk, smakstilsette mjølkeprodukt, ost, smør, iskrem og mjølkepulver. På dette leddet møter Tine konkurranse frå Synnøve Finden, Q-meieriene og Normilk. Produkta vert i hovudsak selt vidare til daglegvarehandelen, men også til storhushaldning, servicehandel og industri.

- ■ Konkurransetilsynet har etablert ei bruttomarginovervaking i meierisektoren med verknad frå 1. januar 2008.
- ■ Formålet med ordninga er å kontrollere om Tine sine bruttomargar er så låge at dei kan utgjere ein konkurranseskadeleg marginskvis.
- ■ I samband med overvakingordninga skal Konkurransetilsynet gå gjennom Tine sine avtalar med daglegvarekjedene for å kontrollere rabatt- og bonusordningar.

Marginskvis fører til at konkurrerande foredlingsbedrifter som er like effektive som den vertikalt integrerte produsenten, ikkje får dekt alle sine kostnader. Det er da fare for at konkurrentane forsvinn ut av marknaden på lengre sikt. I høgt konsentrerte marknader kan dei konkurranseskadelege verknadane av dette vere store.

ENDRINGAR I REGULERINGANE

Etterrekningsordninga i meierimarknadene blei avvikla med verknad frå 1. juli 2007. Ordninga virka i stor grad som ein sikringsmekanisme for å hindre konkurranseskadeleg marginskvis.

Konkurransetilsynet har ansvar for å handheve konkurranselova i meierimarknadene, på lik linje med andre marknader. Avviklinga av etterrekningsordninga har ført til at tilsynet sine oppgåver med å handheve konkurranselova i desse marknadene har endra seg. Dette kjem til uttrykk gjennom Fornyings- og administrasjonsdepartementet sitt tildelingsbrev til tilsynet for 2008, der det heiter:

«Konkurransetilsynet skal følgje opp tilsynet med konkurransen i marknadene for meieriprodukt, og overvake pris- og marginutviklinga i lys av at etterrekningsordninga i prisutjamningsordninga for mjølk blei oppheva frå 1. juli 2007.»

Stortinget vedtok i 2008 å styrkje tilsynet sitt budsjett ved å overføre 1,5 millionar kroner frå Statens Landbruksforvaltning til Konkurransetilsynet, i samband med at etterrekningsordninga blei oppheva.

OVERVAKAR MARGINAR

Konkurransetilsynet har innført ei overvakingordning for Tine sine bruttomargar på utvalde produkt. Ordninga skal gi tilsynet grunnlag for å vurdere klager på Tine si prising.

I ordninga undersøker tilsynet prisar og kostnader for 46 sentrale enkeltprodukt for å sjå om Tine har ein tilstrekkeleg høg bruttomargin til å få dekt alle relevante faste

og variable foredlingskostnader. Dersom bruttomarginen ikkje dekker alle relevante kostnader, vil tilsynet vurdere om dette skuldast andre forhold enn marginskvis. Det kan vere feil periodisering av rabattar, kostnadsreduksjonar som ikkje er rapporterte eller liknande. Dersom det ligg føre indikasjonar på at det har skjedd ein konkurranseskadeleg marginskvis, vil tilsynet sjå nærmare på saka.

SEKSJON FOR DAGLEGVARER, PRIMÆRNÆRINGAR OG FORBRUKSVARER

VIKTIGE SAKER 2008

■ ■ **Daglegvarer:** Rettssaka Tine la an mot staten ved Konkurransetilsynet, fordi Tine ikkje aksepterte eit gebyr på 45 millionar kroner, blei ført for Oslo tingrett hausten 2008. I dom av 25. mars 2009 blei vedtaket til Konkurransetilsynet oppheva. Tilsynet har anka dommen inn for Borgarting lagmannsrett. Anken omfattar både bevisvurderinga og rettsanvendinga.

■ ■ **Laboratorieanalyser:** Eurofins Danmark A/S fekk kjøpe Lantmännen Analycen AB på vilkår. Tilsynet sette som vilkår at Eurofins Danmark A/S måtte selje dotterselskapet LabNett AS til ein eksternt, uavhengig aktør.

■ ■ **Daglegvarer:** Tilsynet handsama mange meldingar om føretakssamslutningar i daglegvarebransjen. Mellom

anna godkjende tilsynet at COOP fekk kjøpe Smart Club. Konkurransetilsynet godkjende også Rema 1000 AS sitt oppkjøp av Lidl Norge GmbH. Foresetnaden var at Rema 1000 måtte tilby ein konkurrent å kjøpe eller leige eitt av dei to butikklokala i Nordfjordeid.

■ ■ **Daglegvarer:** Konkurransetilsynet bad Voss kommune om å gjere greie for kva omsyn som låg til grunn for at kommunen ikkje tillét daglegvarehandel i Voss Handelshus. Voss kommune valde seinare å snu, slik at daglegvarehandel likevel blei tillate. Rema 1000 er no etablert i bygget.

■ ■ **Landbruk:** Fleire høyringssvar, mellom anna på forskrift om fordeling av tollkvoter for landbruksvarer, og endring i forskrift om kvoteordninga for mjølk (kvoteleige)

Les meir på www.konkurransetilsynet.no

Annonsering av bustad på INTERNETT

Når ein bustad skal seljast, må seljaren ha tilgang til ei rekkje ulike produkt og tenester: Innhenting av informasjon om bustaden, takst på bustaden, marknadsføring, vising og organisering av budrunde, skriving av kontrakt, overdraging av skøyte, gjennomføring av oppgjør og teikning av eigarskifteforsikring.

■ ■ Tilbodssida av marknaden er i hovudsak sett saman av eigedomsmeklarar som tilbyr alle desse tenestene i omfattande pakkeloppsingar. Aktørane skaffar dei ulike tenestene, anten som eigenproduksjon eller ved at dei kjøper inn eller formidlar tenester frå andre leverandørar.

Det finst også andre i marknaden som tilbyr færre av dei tenestene som inngår i totalpakken til eigedomsmeklarane. Til grunn for eigedomsmeklarlovgevinga ligg det at interessene til forbrukarane skal takast godt vare på. Bustadseljarar er likevel ikkje pålagde å nytte eigedomsmeklar eller advokat. Ein bustadseljar kan sjølv velje om han vil kjøpe alle nødvendige tenester via eit meklarforetak eller kjøpe nokre av tenestene og gjennomføre andre sjølv.

For bustadseljarar er det svært viktig å ha tilgang til annonseringstenester. Annonsering kan skje i ulike media, for eksempel i aviser og på Internett. Annonsering på dei store nettportalane, som til dømes finn.no, har blitt stadig viktigare dei siste åra. Undersøkingane til Konkurransetilsynet viser at over 90 prosent av alle bustader som blir selde gjennom eigedomsmeklarar, blir annonserte på finn.no.

Nettportalane har ein praksis med å nekte andre enn eigedomsmeklarar, advokatar, og i visse tilfelle utbyggjarar, å annonsere bustader på portalane sine. Denne utestenginga gjer det vanskeleg å selje bustad utan å gå via tradisjonelle eigedomsmeklarar. Praksisen til nettportalane avgrensar graden av konkurranse som eigedomsmeklarar og advokatar møter frå andre tenesteytarar. I tillegg avgrensar praksisen kjøparmakta som bustadseljarane kan utøve mot meklarane.

Konkurransetilsynet ønskjer derfor å opne for auka konkurranse ved å leggje til rette for at fleire kan tilby tenester til bustadseljarar. Der som det blir tilgang for alle til å annonsere på nettportalane, kan bustadseljarane velje fritt blant dei tilboda som finst i marknaden.

Det vil gjere det mogleg for nye aktørar å etablere seg i konkurranse med tradisjonelle eigedomsmeklarar, noko som vil auke konkurransen i marknaden. Auka konkurranse

kan gi lågare kostnader med å selje bustad, noko som igjen kan føre til reduserte priser på bustad.

SEKSJON FOR FINANS OG TENESTER

VIKTIGE SAKER I 2008

■ ■ Internasjonale betalingskort

Konkurransetilsynet har sett i verk undersøkingar av marknaden for internasjonale betalingskort. Tilsynet vurderer om fleire sider ved måten dei internasjonale kortsystema går fram på, er i strid med forbodet mot konkurranseavgrensande samarbeid i konkurranselova § 10. Undersøkinga omfattar blant anna om formidlingsgebyret som banken til brukarstaden (innløysar) betaler til utstederbanken, er lovleg. Saka er omtalt i rapporten *Konkurransen i Norge*.

■ ■ Fusjonen mellom BBS og Teller

Konkurransetilsynet greip inn mot fusjonen mellom BBS og Teller i 2007 og sette fleire vilkår for at fusjonen kunne gjennomførast. I 2008 har tilsynet gjennom ein forvaltar ført tilsyn med måten partane etterlever vedtaket på. Den endelege rapporten frå forvaltaren vil vere klar 15. mai 2009.

■ ■ Byte av bank

Konkurransetilsynet har vore pådrivar i arbeidet for at det skal bli enklare å byte

bank. I mai 2008 tok ei ny bransjenorm til å gjelde. Bankane må gjere ein større del av jobben med å overføre kundeforholdet frå gammal til ny bank. I januar 2009 lanserte Finansportalen ei byteordning på www.finansportalen.no.


■ ■ Standardisering av forsikringsvilkår

Forbrukarrådet og Finansnærings Hovedorganisasjon har samarbeidd om å standardisere forsikringsvilkår. Konkurransetilsynet har rettleia partane om kor langt dei kan gå i å standardisere forsikringsvilkår. Det er positivt for konkurransen at det kan bli lettare å samanlikne vilkåra i tilboda frå selskapa, men det kan også hemme konkurransen dersom tilboda blir for like.

■ ■ Takseringstenester

Konkurransetilsynet har i eit brev til takstlovutvalet om konkurranseproblem i takseringsmarknaden peika på at samankoplinga av autorisasjonsordning og næringsverksemd hos takstforbunda har uheldige verkningar for konkurransen i marknaden.

Les meir på www.konkurransetilsynet.no



KORTFATTA OMTALE AV MARKNADEN OG SÆRSKILDE TILTAK

■ ■ Konkurransetilsynet har på oppdrag frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) vurdert om det er behov for ei forskrift etter konkurranselova § 14 for å regulere tilgangen til bustadannonser på Internett. Tilsynet har funne at dagens praksis reduserer konkurransen i marknaden for tenester knytte til kjøp og sal av bustad. Tilsynet har gjort framlegg om at FAD etablerer ei forskrift som pålegg nettportalane å gi alle aktørar tilgang til bustadannonsering, på vilkår som er ikkje-diskriminerande. Forskrifta er på høyring med frist i juni 2009.

I 2007 var det totalt 717 eigedomsmeklingsføretak i Norge. I tillegg kjem 334 filialar, slik at det til saman var 1051 spesialiserte eigedomsmeklingsføretak her i landet. Det er også 1324 advokatar som har godkjenning til å drive med eigedomsmekling. I tillegg kjem 37 bustadbyggjelag som driv med formidling av tilknytte partar i bustadbyggjelag.

I 2007 blei 128 684 bustadeigedommar formidla gjennom eigedomsmeklar eller advokat. Totalverdien til eigedommane var ca. 256 milliardar kroner.



Medierettane til norsk

TOPPFOTBALL

Kringkastingsmarknadene er i dynamisk utvikling og prega av store teknologiske og strukturelle endringar. Utviklinga i marknaden opnar for auka konkurranse både innan og mellom distribusjonsplattformene.

■ ■ Medierettane til norsk toppfotball blir forvalta av Norges fotballforbund (NFF) i samarbeid med Norsk Toppfotball (NTF), som representerer alle klubbane i Tippe- og Adeccoligaen. TV 2 og Telenor kjøpte i fellesskap medierettane eksklusivt i perioden 2006–2008. Våren 2008 oppretta NFF og NTF selskapet Fotballmedia AS, som skulle stå for salet av medierettane for perioden 2009–2012. Konkurransetilsynet var uroa for at eit framleis kollektivt og eksklusivt sal av rettane i en ny periode, skulle føre til negative effektar for konkurransen, samt at salet kunne vere i strid med forbodet mot avtalar som avgrensar konkurransen.

Konkurransetilsynet kontakta derfor NFF og informerte om at dersom rettane framleis skulle seljast samla, burde det leggjast til rette for at dei kunne spreia på fleire konkurrerande aktørar. Ei slik spreiaing ville etter tilsynet si oppfatning kunne bidra både til å fremje konkurransen mellom tradisjonelle kringkastarar, mellom aktørar innan dei enkelte distribusjonsplattformene, og ikkje minst mellom plattformene.

Tilsynet og NFF hadde fleire møte våren 2008, og tilsynet kom med konkrete innspel til utforminga av konkurransegrunnlaget for den komande salsprosessen. Tilsynet ga rettleiing på ei rekkje konkrete punkt for å sikre mest mogleg konkurranse om rettane. Det endelige konkurransegrunnlaget inneheldt mellom anna ei omfattande oppsplitting i pakkar og ein klausul om bod utan vilkår. Dette skulle sikre at kjøp av pakkar med sentrale rettar i minst mogleg grad blei gjort avhengig av at kjøparen også fekk tilslag på andre pakkar.

Resultatet av arbeidet var at medierettane blei fordelte på fleire aktørar. På tradisjo-

nell TV blei rettane til slutt fordelte mellom NRK og TV 2. På web-TV fekk både Schibsted og TV 2 fulle rettar, medan Lyse Tele blei tildelt breibandsrettane. Konkurransetilsynet meiner at dette vil føre til utvikling av nye produkt og distribusjonsformer, i tillegg til eit godt tilbud til sjåarane.

SEKSJON FOR IT, TELEKOM, MEDIUM OG POST

VIKTIGE SAKER I 2008

- ■ Gjennomførde ein sektoranalyse for rapporten *Konkurransen i Norge*.
- ■ Tilrådde Samferdselsdepartementet å ikkje akseptere NTV sin søknad om å endre konsesjonen for det digitale bakkenettet.
- ■ Forhandlingane mellom Canal Digital, Viasat og TV 2 om rettar til å sende TV 2 på satellitt.
- ■ Salet av medierettane til norsk toppfotball 2008.
- ■ Stansa Opplysningen Mobil AS sitt oppkjøp av Aspiro Søk AS.

Les meir på www.konkurransetilsynet.no



KORTFATTA OMTALE AV MARKNADEN OG SÆRSKILDE TILTAK

■ ■ Kringkastingsmarknadene er i dynamisk utvikling og prega av store teknologiske og strukturelle endringar. Konkurransetilsynet følgjer utviklinga, som opnar for auka konkurranse både innan og mellom distribusjonsplattformene. Det er viktig at desse utsiktene vert nytta godt. Konkurransetilsynet har derfor tilrådd at Samferdselsdepartementet opprettheld konsesjonsvilkåret om at NTV skal tilby kapasitet i det digitale bakkenettet til ein konkurrent til Riks-TV.

Ein bør vise atterhald med å gripe inn mot aktørar i marknader med stor

teknologisk utvikling. Konkurransetilsynet har derfor tilrådd Kultur- og kyrkjedepartementet å ikkje, på det noverande tidspunkt, påleggje reguleringar som krev at distributørane tilbyr sal av enkeltkanalar. Derimot vil tilsynet følgje utviklinga i TV-marknaden for å avdekkje om aktørane på ulikt vis prøver å dempe konkurransen, til dømes gjennom bruk av eksklusivavtalar og ved å auke bytekostnadane. Tilsynet ønskjer å bidra til å oppretthalde konkurranse på lengre sikt ved å overvake og analysere marknadene, for dermed å kunne gi konkrete tilrådingar til andre styresmakter, eller gripe inn ved behov.



Konkurransen i

DRIVSTOFF- MARKNADEN

Etter oppslag i media og spørsmål til spørjetimen i Stortinget knytt til at drivstoffprisane følgjer eit fast mønster kvar veke, gjennomførde Konkurransetilsynet ei undersøking av drivstoffmarknaden våren 2008. Tilsynet fann i denne undersøkinga ikkje indikasjonar på ulovleg samarbeid mellom aktørane, men at prismønsteret snarare skuldast aktørane si sjølvstendige framferd i marknaden.



■ ■ Våren 2008 la Øystein Foros og Frode Steen ved Norges Handelshøgskule fram ein studie som viste at drivstoffprisane i Norge følgjer eit bestemt mønster. Dette inneber at drivstoffprisen stig betydeleg måndag ettermiddag, fell gradvis gjennom veka, og når det lågaste nivået i helga og måndag morgon. I media gav forskarane uttrykk for at denne faste vekecyklusen er eit konkurranseproblem, som skil seg frå situasjonen i andre land, og at Konkurransetilsynet burde gripe inn mot oljeselskapa. I spørjetimen i Stortinget 9. april 2008 blei mediedebatten følgt opp med spørsmål til fornyings- og administrasjonsministeren: Korleis ville Konkurransetilsynet følgje opp at bensinprisen følgjer eit fast mønster kvar veke?

Konkurransetilsynet gjennomførde våren 2008 ei rekkje undersøkingar i marknaden for å vurdere om det gjekk føre seg eit ulovleg prissamarbeid. Tilsynet henta inn detaljerte opplysningar i møte med oljeselskapa. Konkurransetilsynet gjennomførde også aksjonar i Bergen og Trondheim hos bensinforhandlarar knytt til alle dei store oljeselskapa. Det blei henta inn eit omfattande datamateriale og annan dokumentasjon for å undersøkje bakgrunnen for det observerte prismønsteret nærmare, her òg praksisen til selskapa med omsyn til korleis dei sette prisen på drivstoff. På bakgrunn av undersøkingane til Konkurransetilsynet, kom det ikkje fram indikasjonar på at prismønsteret skuldast eit ulovleg horisontalt samarbeid mellom aktørane i marknaden for sal av drivstoff. Derimot fekk tilsynet inn opplysningar og dokumentasjon som etter tilsynet si vurdering viste at aktørane på sjølvstendig grunnlag tilpassar seg konkurransesituasjonen

KORTFATTA OMTALE AV MARKNADEN OG SÆRSKILDE TILTAK

■ ■ FÅ OG STORE AKTØRAR I DRIVSTOFFMARKNADEN

Marknaden for sal av drivstoff er prega av eit fåtal aktørar som opererer i ulike delar av landet, og der dei fleste er av betydeleg storleik på landsbasis. Statoil og Shell var ved utgangen av 2008 dei største aktørane, med marknadsdelar på om lag 30 prosent av den totale omsetnaden i Norge. Esso er den tredje største aktøren, med ca. 20 prosent av den totale omsetnaden, mens YX har i overkant av 10 prosent. Marknadsdelen til JET er på om lag fem prosent. Oljeselskapa sel drivstoff til eigne forhandlarar (som oljeselskapa sjølve eig) og til uavhengige forhandlarar. Ettersom konkurransen utspeler seg i lokale marknader, kan konkurransesituasjonen variere

frå stad til stad i Norge. Generelt vil den lokale konkurransen vere sterkare i marknader der fleire bensinstasjonar er representerte.

SÆRSKILDE TILTAK

- ■ Konkurransetilsynet vil prioritere å følgje pris- og konkurranseutviklinga i denne marknaden nøye i tida framover.
- ■ Tilsynet legg vekt på å føre kontroll med føretakssamanslutningar som sikrar at vi har ein marknadsstruktur med tilstrekkeleg mange uavhengige og konkurrerende oljeselskap.
- ■ Tilsynet har sett i gang eit utgreiingsprosjekt for å få auka innsikt i konkurranseforholda i marknaden.

i marknaden, og at det faste prismønsteret kvar veke skuldast denne sjølvstendige åtferda. Slik sjølvstendig og ein-sidig framferd i marknaden vil ikkje bli råka av forbodet i konkurranselova mot horisontalt prissamarbeid.

Tilsynet vurderte det observerte prismønsteret slik at dette kan komme forbrukarane til gode ved at kundane lettare kan vite når dei kan fylle rimeleg drivstoff. Såleis kan pris-medvitne kundar flytte etterspurnaden sin frå dagar der dei veit at prisen er relativt høg, til dagar med lågare prisar. Dette vil kunne auke konkurransen på dagar med relativt låge prisar. Etter tilsynet sitt syn kan vekemønsteret bidra til ei differensiering av prisane som kan verke skjerpande på konkurransen. Dette kan samla sett komme forbrukarane til gode. Konkurransetilsynet observerte også at den lokale konkurransen i marknader der fleire bensinstasjonkjeder er representerte, generelt er relativt sterk utover i veka og helga.

Marknaden for drivstoff er viktig for norske forbrukarar, og derfor vil tilsynet også i tida framover prioritere å følgje med på konkurranseutviklinga i marknaden. Her vil tilsynet òg leggje vekt på å føre kontroll med føretakssamanslutningar for å sikre at vi har ein marknadsstruktur med tilstrekkeleg mange uavhengige og konkurrerende oljeselskap.

SEKSJON FOR ENERGI, INDUSTRI, BYGG OG ANLEGG

VIKTIGE SAKER 2008

- ■ **Drivstoff:** Shell fekk overta delar av YX på vilkår knytt til verknader i enkelte lokale marknader. YX vil framleis vere til stades i marknaden. Sjå nærmare omtale i *Konkurransen i Norge*.
- ■ **Drivstoff:** Tilsynet samarbeidde med Europakommisjonen i vurderinga av Statoil/JET-saka. Den norske delen av oppkjøpet blei godkjend på vilkår om at alle JET-stasjonane i Norge blir selt vidare til ein uavhengig kjøpar. Sjå ytterlegare omtale på side 21 og i *Konkurransen i Norge*.
- ■ **Drivstoff:** Tilsynet deltok i ei interdepartemental arbeidsgruppe som vurderte om det skal gjennomførast ei utjamning av fraktkostnader for drivstoff.
- ■ **Kraft:** Satsingsområde i 2008. Sjå eige kapittel om marknaden i *Konkurransen i Norge*.
- ■ **Kraft:** Tilsynet gjennomfører ei løpende marknadsovervaking i samarbeid med NVE som ledd i arbeidet med å avdekkje eventuelt misbruk av marknadsmakt i kraftmarknaden.
- ■ **Kraft:** Fleire høyringssvar, mellom anna om endringar i industrikonkurranselova (heimfall), klimavotelova og -forskrifta, måling- og avrekningsforskrifta og systemansvarsforskrifta.
- ■ **Retursystem:** Tilsynet har bede Statens Forureiningstilsyn om å vurdere tiltak for å styrkje konkurransen mellom retursystem og mellom deira underleverandørar ved å foreta endringar i regelverket.
- ■ **Retursystem:** Returselskapet Rentpack AS fekk varsel om at tilsynet vurderar å gi påbod om opphøyr i ei sak som gjeld selskapet sin gebyrpraksis.
- ■ **Motorvognmarknaden:** Tilsynet har gjennomført ei høyring og medverka til Europakommisjonen sitt revisjonsarbeid i samband med gruppefritaket på sektoren.

Les meir på www.konkurransetilsynet.no

PASIENT- TRANSPORT

og konkurranse i drosjenæringa

Kvart år blir om lag to milliardar kroner brukt på pasienttransport i Norge. Størstedelen av dette er knytt til drosjereiser.



■ ■ KAN BETRE KONKURRANSEN

Dei regionale helseforetaka sine utgifter til pasienttransport vil i stor grad hengje saman med korleis konkurransen i drosjemarknaden fungerer. Både løyvestyresmaktene (fylkeskommunane) og innkjøparane (helseforetaka) kan påverke graden av konkurranse gjennom løyvepolitikken, og gjennom utforminga av anbodsgrunnlag.

For å gjere fylkeskommunane og helseforetaka medvitne om korleis dei kan betre konkurransen og såleis bidra til rimelegare og betre pasienttransport, har Konkurransetilsynet våren 2009 sendt dei brev om dette. I brevet oppgjev tilsynet ei rekkje element som bør vurderast for å oppnå god konkurranse innan pasienttransport. Tilsynet har også ved fleire andre høve oppfordra fylkeskommunane til å treffe

tiltak for å styrkje konkurransen mellom drosjesentralar.

■ ■ ULOVLEG SAMARBEID

Sjølv om det blir lagt til rette for konkurranse frå løyvestyresmaktene og innkjøparane si side, kan ulovleg anbudssamarbeid hindre verksam konkurranse. I mars 2009 fekk Taxi Midt-Norge eit lovbrotsgebyr på 300 000 kroner for brot på konkurranselovera i samband med ei anbudskonkurranse utlyst av Helse Midt-Norge RHF.

I ei anna sak, knytt til ei anbudskonkurranse utlyst av Helse Nord RHF, fann Konkurransetilsynet ikkje grunn til å gripe inn. Her var anbodsgrunnlaget utforma på ein slik måte at det i store deler av Nordland ikkje var grunnlag for å få inn meir enn eitt tilbud i konkurransen.

SEKSJON FOR TRANSPORT, HELSE OG LEGEMIDDEL

VIKTIGE SAKER I 2008

- ■ **Mogleg ulovleg samarbeid.** Tilsynet har opna tre saker innanfor luftfarts-, drosje- og turbilmarknadene.
- ■ **Drosje.** Søknad om å frita Karmøy og Haugesund frå maksimalprisforskrifta fekk avslag, mens søknad om fritak for Østfold fylke blei innvilga for fem av kommunane.
- ■ **Apotek og legemiddel.** Deltaking i arbeidsgruppe om reglane om avgrensingar i eigarskapet i apoteklova. Fleire høyringssvar, mellom anna om utvidinga av ordninga legemiddel utanom apotek (LUA) og om revisjonen av apoteklovgevinga. Nordisk rapport utarbeidd i samarbeid med dei andre nordiske konkurransestyresmaktene. Marknaden har vore eit satsingsområde i 2008 og er omtala i rapporten *Konkurransen i Norge*.

Les meir på www.konkurransetilsynet.no

Desse anbudssakene illustrerar kva faktorar som påverkar graden av konkurranse og kva for organ og aktørar som kan påverke desse faktorane. Les meir om dei to sakene på www.konkurransetilsynet.no. Brevet til fylkeskommunane og dei regionale helseforetaka er også lagt ut der.

OMFATTANDE

KURSING

BETRER

KVALITETEN

PÅ TILSYNET

SITT ARBEID



Kartell kostar oss alle dyrt

Ulovleg pris- og anbodssamarbeid kan føre til sær store skadar for fellesskapet. Ei av dei viktigaste oppgåvene til Konkurransetilsynet er derfor å avdekkje slikt samarbeid.

■ ■ Kartellverksemd er eit samleomgrep for fleire typar samarbeid som på ulike måtar set konkurransen i marknaden heilt eller delvis ut av spel. Det inneber at to eller fleire aktørar innanfor ein bransje samarbeider om tilhøve dei skulle ha konkurrert om. I staden for å konkurrere om kontraktar og leveransar, slik kundane føreset, inngår kartelldeltakarane til dømes avtaler om deling av marknader, storleiken på rabattar og prisar og storleiken på tilbod ved anbod.

Konsekvensen av dette er mellom anna høgare prisar. Internasjonale studiar syner at prisane aukar med 10–30 prosent ved ulovleg samarbeid. Statlege og kommunale styresmakter kjøper årleg inn varer og tenester for over 300 milliardar kroner. Dersom aktørane samarbeider om offentlege anbod, kan tapa bli formidable.

På grunn av det store omfanget og skadepotensialet, får kampen mot kartellverksemd stadig større merksemd også i andre land. Dei siste åra har Europakommisjonen årleg fatta vedtak om bøter på mellom 2 og 3 milliardar euro. Stadig fleire land har innført fengselsstraff for deltaking i kartellverksemd. Det er ikkje grunnlag for å rekne med at Norge skil seg vesentleg frå andre land når det gjeld risikoen for kartellverksemd.

ETTERFORSKINGSSAKER I 2008

Konkurransetilsynet har i 2008 gjennomført bevissikringar i tre saker på fem forskjellige stader. Det er tatt opp femten formelle forklaringar i samband med etterforskinga av fem forskjellige saker.

Konkurransetilsynet har ytt bistand til EFTA sitt overvakingsorgan (ESA) ved bevissikringar på tre forskjellige stader i samband med to internasjonale saker. Desse sakene vil bli ferdig behandla i ESA.

Resultata av Konkurransetilsynet si etterforskning kjem i etterkant av analyser og evalueringar av beslag og forklaringar. Dette kan vere ein tidkrevjande prosess som ofte medfører at ei sak ikkje blir avgjort same år som den blei oppretta. I løpet av 2008 har tilsynet fatta vedtak eller sendt melding til politiet i desse sakene:

- Borregaard Industries Ltd. og Brenntag Nordic AS fekk lovbrotsgebyr på høvesvis 1,6 og 1,3 millionar kroner for å ha delt marknaden for teknisk eddiksyre i Norge mellom seg på ein ulovleg måte i fleire år. Teknisk eddiksyre blir mellom anna brukt i fiskeindustrien samt i olje- og gassindustrien.
- Rørleggjarselskapa Oslo VVS Service AS og Håkonrunne Rør AS fekk lovbrotsgebyr på høvesvis 500 000 kroner og 250 000 kroner for ulovleg anbodssamarbeid i samband med innlevering av tilbod på ombygging av omsorgsbustader i Oslo kommune. Dette blei gjort ved at alle delsummer samt sluttsammen i Oslo VVS Service sitt tilbod blei prisa nøyaktig sju prosent høgare enn Håkonrunne Rør sine prisar.
- To legeverksemdar i Bergen fekk pålegg om å avslutte eit samarbeid om prisar i anbodskonkurransar.
- To entreprenørar i Nordland blei i 2008 melde til Bodø politikkammer for anbodssamarbeid.

EFFEKTEN AV TILSYNET SI HANDHEVING

Å måle effekten og effektiviteten av kontroll er ikkje enkelt. Konkurransetilsynet etablerte tidleg ei eiga kontrollering som følgjer opp ulovlege konkurransereguleringar. I løpet av dei siste tjuve åra er over førti tilhøve melde til påtalemakta, og det er fatta vedtak om bøter og inndraging for store beløp etter norske forhold. Det



er eit faktum at forboda i konkurranse- lova og Konkurransetilsynet si aktive kontrollverksemd er godt kjende blant næringsdrivande og deira juridiske rådgjevarar. Det er viktig at desse veit at tilsynet følgjer opp indikasjonar på alvorlege brot på forbodsføresegnene med den naudsynte kraft og tyngde. Ein må rekne med at dette har ein viktig og naudsynt preventiv effekt. Sjå også side 24.

INFORMASJONSTILTAK OG TIPSTELEFON

Konkurransetilsynet arrangerte i 2008 fleire seminar for små og mellomstore bedrifter, i samarbeid med Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO). Formålet var å betre kunnskapen om forboda i konkurranse- lova og om ordninga med amnesti og lemping i kartellsaker.

Konkurransetilsynet får stadig fleire tips gjennom tipstelefonen – mellom 20 og 30 tips kvar månad i 2008. Mange av tipsa har gitt relevante opplysningar i konkurranse- saker.

Nummeret til tipstelefonen er 55 59 75 55.

VERKSEMMA VIDARE FRAMOVER

Konkurransetilsynet har gitt arbeidet med avdekking av kartell topp prioritet. I 2008 løyvde departementet 4,4 millionar kroner ekstra for å styrkje handhevinga av konkurranse- lova. Pengane har blitt brukt til å styrkje tilsynet si etterforskning, mellom anna ved nye tilsetjingar, investeringar i infrastruktur, informasjonstiltak, kompetansetiltak og økonomiske analysar og utgreiingar. Det har mellom anna blitt bygd opp eit moderne datalaboratorium for analysar av elektroniske beslag. Tilsynet er godt posisjonert for å oppretthalde den viktige preventive effekten som ein reknar med at ei effektiv og årvaken handheving vil bidra til. Tilsynet si satsing på avdekking og etterforskning av kartellverksemd vil bli vidareført og intensivert i 2009.

DEN FØRSTE SOM VARSLAR, GÅR FRI

Kartellverksemd kan straffast med høge bøter, men det første selskapet som bryt ut og varslar Konkurransetilsynet, kan gå fri. Andre deltakarar i kartellet kan få redusert sine bøter ved å samarbeide under etterforskninga.

Ordninga blir kalla lemping, og erfaringar frå EU, USA og andre land syner at eit godt fungerande lempingsprogram er det viktigaste verkemiddelet for å avsløre kartellverksemd.

Spørjeundersøkingar utførde for Konkurransetilsynet syner at ordninga dessverre ikkje er godt nok kjend blant leiarar i næringslivet. Konkurransetilsynet har derfor sett i gang ein informasjonskampanje om ordninga.

Sjå www.konkurransetilsynet.no for meir informasjon.

ETTERFORSKINGSSKRITT

AKTIVITET	2005	2006	2007	2008
Bevissikring § 25 – saker/stader	2/7	2/4	2/6	3/5
Forklaringsopptak § 24 – saker/stader	1/53	2/7	3/12	4/12
Bistand til ESA/Kommisjonen	0	1/2	0	2/3

MELDINGAR TIL POLITIET

AKTIVITET	2005	2006	2007	2008
Sende meldingar	1	2	0	1
Avgjorde saker	5	1	0	3
Saker framleis hos politiet	4	5	5	2

VEDTAK

AKTIVITET	2005	2006	2007	2008
Vedtak i § 10-saker – berre opphøyr	0	0	2	1
Vedtak i § 10-saker – gebyr	0	0	0	2
Vedtak i § 11-saker – gebyr	1	0	1	0



Viktige lovendringar

■ ■ AUTOMATISK GJENNOMFØRINGSFORBOD

Frå 1. juli 2008 blei det forbode å gjennomføre fusjonar og oppkjøp som er meldepliktige etter konkurranselover, før Konkurransetilsynet har behandla saka. Det er no opp til partane sjølve å bestemme når dei vil gi tilsynet melding om ei føretakssamanslutning.

Når føretakssamanslutninga er meld til Konkurransetilsynet ved ei såkalla alminneleg melding, gjeld gjennomføringsforbode fram til fristen er gått ut for å påleggje partane å levere fullstendig melding. Denne fristen er på 15 yrkedagar. Dersom Konkurransetilsynet gir pålegg om fullstendig melding, held gjennomføringsforbode fram å gjelde til tilsynet varslar at det kan bli aktuelt med inngrep, og tilsynet kan også bestemme at gjennomføringsforbode skal gjelde heilt fram til saka er endeleg avgjort. Formålet med lovendringa er å sikre ein effektiv kontroll med føretakssamanslutningar.

■ ■ KRAV TIL ALMINNELEG MELDING

For å effektivisere saksbehandlinga blei det ved lovendringa 1. juli 2008 også gjort enkelte endringar i reglane om kva opplysingar som skal vere med i ei alminneleg melding til Konkurransetilsynet i samband med ei føretakssamanslutning. Partane må no opplyse om verksemdsområda til føretaka. Vidare må ein opplyse om namnet på dei fem viktigaste konkurrentane, kundane og leverandørane i marknadene der dei involverte føretaka har verksemd som overlappar kvarandre.

■ ■ AVHJELPANDE TILTAK

Ved den same lovendringa fekk Konkurransetilsynet kompetanse til sjølv å forlengje fristen for behandling av føretakssamanslutningar med 25 yrkedagar, dersom partane foreslår avhjelpande tiltak. Konkurransetilsynet er dermed ikkje lenger avhengig av krav frå partane i ei føretakssamanslutning for å forlengje fristen for å behandle ein fusjon dersom det er sett fram tilbod om avhjelpande tiltak. Formålet med endringa var å sikre ei effektiv og forsvarleg saksbehandling.

Det blei også gjort nokre redaksjonelle og språklege endringar i lover som ikkje medførde realitetsendringar.

■ ■ FORSKRIFT OM OPPNEMNING AV FORVALTAR

I saker der Konkurransetilsynet set vilkår for gjennomføring av ei føretakssamanslutning, har tilsynet høve til å oppnemne ein forvaltar som skal sjå til at partane følgjer opp vilkåra. Ei ny forskrift gir nærmare reglar for bruken av forvaltar. Forskrifta blei vedteken av Fornyings- og administrasjonsdepartementet 15. september 2008. Ho gir klare køyrereglar både for oppnemning av og krav til forvaltar, og kva plikter partane har i samband med gjennomføringa av oppdraget til forvaltaren. Regelverket gjer situasjonen meir føreseieleg, både for forvaltar og partane. Forskrifta tok til å gjelde 1. januar 2009.

■ ■ UNNTAK FRÅ GJENNOMFØRINGSFORBODET

I samband med den same lovendringa har Konkurransetilsynet fremja forslag til forskrift om unntak frå gjennomføringsforbode for visse typar erverv av verdipapir. Forskrifta vil innebære at offentlege tilbod, eller ein serie transaksjonar i verdipapir notert på ein regulert marknad, delvis kan bli gjennomførde før fristen har gått ut. Det er gjort framlegg om å stille som vilkår at føretakssamanslutninga blir meld til Konkurransetilsynet med ein gong, og at stemmerettar knytte til verdipapira ikkje blir tekne i bruk. Forslaget til forskrift gjekk ut på høyring i desember 2008.

■ ■ VEDTAK AV KONGEN I STATSRÅD

Lovendringa førde vidare til at vedtak av Kongen i statsråd om å tillate ei føretakssamanslutning i saker av prinsipiell eller stor samfunnsmessig tyding ikkje lenger treng å vente på vedtak frå departementet i ei eventuell klagesak. Formålet med endringa er å effektivisere og forenkle saksbehandlinga.

■ ■ KONKURRANSELOVA BLIR TEKEN I BRUK PÅ SVALBARD

Frå 1. juli 2009 vil konkurranselovera også gjelde på Svalbard. Dette blei vedteke ved

kgl. res. av 17. oktober 2008, etter at ei høyring i haust gav brei tilslutning til forslaget.

Lova tek til å gjelde utan særlege lokale tilpassingar, men det er gjort unntak for reglar om tilpassingar til EØS-avtalen, sidan denne ikkje gjeld for Svalbard.

■ ■ STYRKJE HANDHEVINGA AV KONKURRANSELOVA

Den 12. desember 2008 sende Fornyings- og administrasjonsdepartementet ut på høyring eit forslag til lovendringar for å styrkje handhevinga av konkurranselovera. For å styrkje lempingsprogrammet, foreslår departementet blant anna å utvide bruksområdet for lemping til også å omfatte straff etter konkurranselovera § 30. I tillegg blir det gjort framlegg om å avgrense retten til innsyn i dokument som er utarbeidde i samband med ein søknad om lemping, slik at den som søker om lemping, ikkje blir meir eksponert for sivile erstatnings-søksmål enn den som ikkje søker om lemping. Departementet har også gjort framlegg om ei føresegn som skal styrkje vernet om anonymiteten til føretak eller personar som tipsar Konkurransetilsynet om brot på konkurranselovera. Lovforslaget byggjer i stor grad på innspel frå Konkurransetilsynet til Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

■ ■ UNNTAK FOR VETERINÆRE VAKT- TENESTER

Ved kongelig resolusjon av 19. desember 2008 blei det gjort unntak frå konkurranselovera §§ 10 og 11 for veterinære vakttenester ut år 2010. Forskrifta avløyste det mellombels unntaket for avtalar om klinisk veterinær vakt som gjaldt ut 2008. Bakgrunnen for unntaket er at Kommunenes sentralforbund og Den norske veterinærforening har gått saman om ein landsdekkjande rammeavtale om veterinær vakt for å oppfylle kommunane sitt ansvar for å sørgje for veterinær vaktordning etter lov om veterinærar og anna dyrehelsepersonell. Kommunane tok over ansvaret for veterinær vakt frå staten frå 1. januar 2008. Ein reknar ikkje med at det er behov for eit langvarig unntak frå konkurranselovera, og unntaket er derfor gitt for ein avgrensa periode på to år.



Internasjonalt samarbeid gjer konkurransen betre

■ ■ VERDIEN AV INTERNASJONALT SAMARBEID

På konkurranseretten sitt område har Norge felles kjeldegrunnlag med EU. Derfor er det mykje å hente på å samarbeide med dei 29 andre EØS-landa, og med EU. Dette gjeld uavhengig av at Norge ikkje er medlem i EU. Å samanlikne oss med andre EU/EØS-land er også eit instrument for å måle om vi gjer ting rett. I året som har gått, har Norge og Konkurransetilsynet igjen fått stadfesta kor viktig internasjonalt samarbeid er. Det finst fleire gode eksempel på dette. Eit av dei er saka om avtalen mellom StatoilHydro og ConocoPhillips om den sistnemnde sine Jet-bensinstasjonar. Eit anna er Norge sitt forhold til regelverksinitiativet frå Europakommisjonen for privat handheving i konkurransesaker.

STATOIL – JET-SAKA

StatoilHydro sitt oppkjøp av Jet Scandinavia blei behandla av Europakommisjonen. Den norske delen av oppkjøpet blei godkjend på vilkår av at StatoilHydro skil ut og sel vidare alle Jet-stasjonane i Norge. Drivstoffmarknaden i Norge er svært konsentrert, og dersom heile transaksjonen hadde blitt gjennomført utan dette vilkåret, ville det ha forsterka strukturen med få aktørar. Vilåret om å selje vidare stasjonane var derfor viktig for konkurransen i dei marknadane i Norge der Jet er til stades.

Konkurransetilsynet hadde eit nært samarbeid med Kommisjonen i samband med behandlinga av saka. Det blei gitt formelle kommentarar til Kommisjonen si saksbehandling, og ein representant frå Konkurransetilsynet deltok i Kommisjonen sitt saksteam. Gjennom deltakinga fikk tilsynet god innsikt i saksbehandlinga til Kommisjonen. Slik lærte tilsynet av EU. Samtidig fikk Kommisjonen nyttig informasjon om Konkurransetilsynet og den norske marknaden. Alle avgjerdene i saka blei gjorde av Europakommisjonen. Likevel ga saka grunnlag for å utveksle erfaringar, noko som var nyttig for både europeiske og norske styresmakter, og for konkurransen i det heile.

PRIVAT HANDHEVING

2. april 2008 la Europakommisjonen fram det såkalla «White Paper on damages actions for the breach of the EC antitrust rules». Ei slik «kvitbok» frå EU blir til tider samanlikna med ein odelstingsproposisjon i Norge. Formålet med kvitboka i denne saka er å gjere greie for i kva grad det er mogleg å fremje private erstatningskrav der konkurransereglane i EU er brotne. Dokumentet er eit resultat av ein langvarig og omfattande prosess. Denne prosessen har også Norge følgd og gitt innspel til. Blant anna ga Norge eit samla høyringssvar til Kommisjonen 15. juli 2008. Høyringssvaret er offentleg, og er tilgjengeleg frå heimesidene til både Kommisjonen og norske konkurransestyresmakter.

Hovudformålet med EU sitt initiativ i denne saka er å sikre kompensasjon for det tapet som kan oppstå når konkurransereglane er brotne. EF-domstolen har slått fast at høvet til å kreve slik erstatning

er ein sentral rett i rettssystemet til EU. I kvitboka er det omtale av fleire sentrale spørsmål som gjeld høvet til å fremje slike erstatningskrav. Eit viktig tema er høvet til gruppesøksmål. Erfaringar frå EU sine medlemsland viser at det skal mykje til for at enkeltpersonar aleine fremjer erstatningskrav i konkurransesaker. Tanken er at det er enklare å fremje erstatningskrav dersom fleire går saman. Derfor drøftar kvitboka høvet til gruppesøksmål. I fleire EU-land er det ikkje høve til å gjere dette. I Norge er det allereie innført høve til slike gruppesøksmål gjennom den nye tvistelova, som er i kraft frå 1. januar 2008. Norge ligg altså framfor på dette området.

Kvitboka er i skrivande stund til gjennomgang i Europaparlamentet. Kanskje det endelege regelverksinitiativet fremjar forslag til løysingar som vi ikkje har tenkt på. Det blir i alle fall spennande å sjå i kva grad det blir teke omsyn til innspela frå Norge i det endelege initiativet frå EU. Det blir også spennande å sjå i kva grad EU endar opp med å foreslå løysingar som alt er implementerte i Norge.

INTERNASJONALT SAMARBEID

■ ■ Nordiske konkurransestyresmakter

Årlege møte med utveksling av erfaringar. Har også tett, løpande kontakt. Kan utveksle taushetsbelagd informasjon.

■ ■ EU/EØS

Tilsynet representerar Norge i rådgjevande komité for konkurranse- og fusjonssaker, som Europakommisjonen og EFTAs overvåkingsorgan (ESA) konsulterer i konkrete saker. Tilsynet bistår ESA og Kommisjonen ved bevissikringar i Norge.

■ ■ OECD

Tilsynet deltek i OECD sin konkurransekomité og i tre arbeidsgrupper under komiteen.

■ ■ European Competition Network (ECN)

Samarbeidsforum for Europakommisjonen og konkurransetilsynene i EU sine medlemsstatar. Konkurransetilsynet er ikkje formelt medlem, men deltek i møte om policyspørsmål og mottek informasjon som vert utveksla i nettverket.

■ ■ European Competition Authorities (ECA)

Nettverk mellom konkurransedirektørane i EØS. Tilsynet deltek også i arbeidsgrupper i dette nettverket.

■ ■ International Competition Network (ICN)

Skal auke graden av internasjonalt samarbeid og bidra til harmonisering av regelverk.

Sikrar konkurranse om offentlege innkjøp

KOFA er eit nasjonalt klageorgan som tek stilling til om ein offentlig oppdragsgivar har brote regelverket for offentlege innkjøp. Formålet er å få mest mogleg ut av samfunnet sine ressursar.

■ ■ Det offentlege Norge handlar for enorme beløp kvart år. Regelverket for offentlege innkjøp skal sikre at alle leverandørar blir behandla likt, og at innkjøpsprosessane er gjennomsluttige, føreseielege og kan etterprøvast. Regelverket skal også sjå til at det offentlege opptre med stor integritet, slik at folk kan lite på at offentlege innkjøp går rett føre seg.

Klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA) behandlar klager om brot på innkjøpsregelverket. Sekretariatet til nemnda ligg administrativt under Konkurransetilsynet. Sjølv om KOFA og Konkurransetilsynet handhevar to ulike regelsett, er formålet det same: effektiv bruk av samfunnet sine ressursar. Begge regelsetta er viktige for å hindre økonomisk kriminalitet, som for eksempel korrupsjon. Mange av korrupsjonssakene som er avdekte dei siste åra, er saker som gjeld ulovleg tileigning av offentlege middel, og der det skulle ha vore gjennomført ein tilbudsprosess.

KOFA og Konkurransetilsynet samarbeider om å skape eit felles fagmiljø for å møte dei utfordringane samfunnet står overfor når det gjeld økonomisk kriminalitet. Eit konkret døme på dette er at Konkurransetilsynet har lånt ut ein jurist til KOFA, slik at kunnskapen om regelverket for offentlege anskaffingar blir styrka internt i tilsynet.

KOFA ser at det er stort behov for kunnskap om bruken av regelverket, og opplever stor etterspørsel etter rettleiing. KOFA og Konkurransetilsynet samarbeider derfor om å spreie kunnskap om både anskaffingsregelverket og konkurranselover sine reglar om ulovleg anbudsamarbeid til offentlege oppdragsgivarar. KOFA arrangerte i 2008 eit seminar for oppdragsgivarar om korrupsjon i offentlege anskaffingar. Konkurransetilsynet og KOFA har også innleidd eit samarbeid med Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI).

GEBYR FOR ULOVLEGE DIREKTEANSKAFFINGAR

KOFA skreiv i 2008 ut tre gebyr for ulovlege direkteanskaffingar, og klagenemnda har dermed skrive ut totalt fire gebyr etter at organet fekk retten til å skrive ut gebyr frå 1. januar 2007. Ei ulovleg direkteanskaffing er ei anskaffing som ikkje er blitt kunngjort i tråd med regelverket for offentlege anskaffingar. Ulovlege direkteanskaffingar blir rekna som det alvorlegaste brotet på regelverket fordi slike anskaffingar blir heilt haldne unna kravet til konkurranse, som er hovudgrunninga bak regelverket.

I 2008 fekk klagenemnda inn 26 klager på ulovlege direkteanskaf-

tingar, og nokre av klagenemnda kom frå politiske parti og andre som meinte at klagenemnda burde skrive ut gebyr for noko dei såg på som ei ulovleg direkteanskaffing.

Det store talet på inkomne saker som gjeld ulovleg direkteanskaffing, viser at kunnskapen om at dette er ei alvorleg overtreding som kan bli møtt med eit straffegebyr, har auka dei siste åra. Klagenemnda har ikkje myndigheit til sjølv å etterforske saker der det er mistanke om at ein oppdragsgivar har unnlate å kunngjere ei anskaffing. Dette inneber at ikkje alle ulovlege direkteanskaffingar, kjem på KOFA sitt bord. I mangel av myndigheit til å etterforske, er klagenemnda avhengig av at leverandørar, organisasjonar, politikarar og andre klagar anskaffingar som burde vore kunngjorde, inn for KOFA.

REKORDSTORT GEBYR TIL KRIMINALOMSORGA

Kriminalomsorga region aust fekk eit gebyr på 1,5 millionar kroner 31. oktober 2008. Oppdragsgivar skulle i denne saka skaffe fram fjernvarme til Halden fengsel, og kontrakten skulle gå over 15 år. Kontrakten blei ikkje kunngjort fordi oppdragsgivaren vurderte det slik at dette kom inn under ei unntaksføresegn i regelverket. Oppdragsgivaren meinte at det var grunnlag for å seie at det av tekniske grunner berre var ein leverandør som kunne tilby den aktuelle tenesta. Kontrakten gjekk til Østfold Energi AS, som da dei fekk kontrakten, ikkje hadde konsesjon til å levere fjernvarme i det aktuelle området. Oppdragsgivaren hadde på førehand bede Statsbygg om å vurdere om det var mogleg å la vere å kunngjere kontrakten, og Statsbygg konkluderte med at det var grunnlag for dette.

Klagenemnda kom til at det låg føre ei ulovleg direkteanskaffing fordi oppdragsgivaren ikkje hadde dokumentert at det berre var Østfold Energi AS som kunne tilby fjernvarme på grunnlag av tekniske tilhøve eller fordi selskapet hadde ein einereitt.

Klagenemnda meinte at Kriminalomsorga region aust hadde vist grov aktløyse fordi dei hadde tildelt ein kontrakt direkte, utan konkurranse. Klagenemnda meinte at oppdragsgivaren i dette tilfellet burde ha skjont at det var ein risiko ved å halde seg til konklusjonane til Statsbygg. Nemnda meinte også at vilkåra i unntaksføresegna ikkje var så uklare at det skulle vere vanskeleg for oppdragsgivaren å forstå at den faktiske situasjonen ikkje ga rett til å bruke unntaksføresegna. Det skjerpa kravet til aktsemd hos oppdragsgivaren at det her var snakk om ein stor kontrakts-



sum på 20,4 millionar kroner, og at kontrakten ville gjelde i lang tid framover.

I utmålinga av kor stort gebyret skulle vere, heldt klagenemnda fram at preventive omsyn tilseier at ein bør reagere strengt i tilfelle der offentlege oppdragsgivarar heimlar ei ulovleg direkteanskaffing i ei unntaksføresegn som heilt klart ikkje kjem til bruk. Dette gjeld spesielt da anskaffinga i dette tilfellet heilt var halden unna konkurranse.

KOFA

Klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA) behandlar klager om brot på innkjøpsregelverket. Nemnda har 10 medlemmer som er oppnemnde av regjeringa. Leiar av nemnda er advokat Bjørg Ven.

Sekretariatet til klagenemnda ligg administrativt under Konkurransetilsynet og held til i dei same lokala.

SAKSSTATISTIKK 2003–2008

ÅR	INNKOMNE	AVGJORDE	AVVISTE	BROT	IKKJE BROT
2003	268	182	76	51	24
2004	287	248	104	80	10
2005	287	260	134	71	27
2006	158	176	50	79	29
2007	155	217	48	118	36
2008	222	171	40	65	38

KOFA har i 2008 hatt ein sterk auke i talet på innkome klagesaker, og dette har ført til auka saksbehandlingstid. Det har vore ei utfordring å sørgje for at sekretariatet har tilstrekkeleg bemanning til kvar tid for å ta unna restansane. Auken i saker ser ut til å fortsette i 2009, og det er derfor satt i gang tiltak for å auke bemanninga til sekretariatet.



KONKURRANSEPOLITIKKEN VERKAR PREVENTIVT

Handhevinga av konkurranselova påverkar åtferda til dei næringsdrivande. Konkurransetilsynet nyttar omdømmeundersøkingar til å måle effekten av dette. I den siste kartlegginga er det færre enn tidlegare i dei profesjonelle miljøa som seier dei har eit godt inntrykk av og god kjennskap til Konkurransetilsynet. Og framleis er kunnskapen om ordninga med bøterabatt for dårleg.

Konkurransetilsynet har i sitt strategiarbeid sett opp ei rekkje resultatmål for verksemda. For å kunne nå målsetjingane, er omdømmeundersøkinga ein viktig indikator. Kartlegginga i 2008 gjeld omdømmet i dei profesjonelle miljøa knytt til forvaltninga, advokatar, næringsliv, akademia og media. Undersøkinga gir svar på kva utfordringar tilsynet står overfor, og gjer det lettare å setje i verk tiltak for å nå målsetjingane.

TILSYNET FELL NOKO PÅ OMDØMME

Delen med godt inntrykk av Konkurransetilsynet har falle merkbar det siste året, frå 59 til 51 prosent. Dette gir en plassering på nivå med 2002. Delen som kjenner tilsynet godt har falle frå 56 til 48 prosent. Det er ikkje fleire som rapporterer om dårleg inntrykk eller dårleg kjennskap til Konkurransetilsynet, men det ser ut til at det er meir nøytrale vurderingar og synspunkt i undersøkinga for 2008 enn i 2007.

Som ein del av omdømmeundersøkinga har tilsynet dei tre siste åra undersøkt i kva grad dei profesjonelle miljøa kjenner til dei mest sentrale føresegnene i konkurranselova. I den viktige gruppa med næringslivsleiarar har kjennskapen til meldeplikta for fusjonar og oppkjøp falle frå 96 prosent i fjor til 71 prosent i år. *Sjå graf 1, «Kjennskap til melding av foretakssamanslutningar».*

BØTERABATT FRAMLEIS LITE KJEND

Eit langsiktig mål for tilsynet er å auke kjennskapen til ordninga med amnesti eller bøterabatt for selskap som sjølve melder frå om

ulovleg samarbeid. Ordninga går ut på at eit selskap som er med i eit kartell, kan sleppe bot dersom det er først ute med å kontakte Konkurransetilsynet om dette. Trass i auka informasjonsarbeid har ikkje tilsynet klart å auke kjennskapen til ordninga i dei profesjonelle gruppene. 83 prosent av dei spurte veit ikkje kva ordninga med bøterabatt går ut på, mot 79 prosent i 2007. Dermed er det langt igjen til målet for 2010 om at 50 prosent skal svare riktig på dette spørsmålet. *Sjå graf 2, «Bøterabatt».*

VERKNADER AV KONKURRANSEPOLITIKKEN


Nytt av året er ei undersøking som freistar å kartleggje nokre av dei preventive effektane av konkurranselova og handhevinga av denne. Undersøkinga er laga med utgangspunkt i ei liknande undersøking utført av Office of Fair Trading i Storbritannia. Den norske undersøkinga syner klart at konkurransepolitikken har ein avskrekkende effekt. Effekten er tydelegast når det gjeld misbruk av dominans og ulovlege avtalar.

Ifølgje respondentane har mange kommersielle avtalar blitt droppa eller vesentleg endra på grunn av faren for at avtalen kunne bli betrakta som eit ulovleg kartellsamarbeid i strid med konkurranselova § 10. *Sjå graf 3, «Avskrekking – ulovlege avtalar».*

Dei fleste respondentane meiner også at norsk konkurransepolitikk er effektiv når det gjeld å avskrekke misbruk av dominans (konkurranselova § 11). Dei siste to åra blei ei rekkje avtalar anten droppa eller vesentleg modifiserte på grunn av faren for at dei kunne bli betrakta som eit brot på forbodet mot misbruk av dominerande stilling. *Sjå graf 4, «Avskrekking – misbruk av dominans».*


KJENNSKAP TIL MELDING AV FØRETAKSSAMANSLUTNINGAR

Delen som har svært eller ganske god kjennskap til meldeplikta for foretakssamanslutningar.



BØTERABATT

Veit du kva ordninga med bøterabatt eller reduksjon av lovbrotsgebyr går ut på?





Årvakne innkjøparar kan avsløre anbodssamarbeid

Fleire gonger har innkjøparar i stat og kommune avslørt ulovleg samarbeid mellom leverandørar. Konkurransetilsynet har no gitt ut ei sjekkliste som skal hjelpe innkjøparar med å førebyggje – og oppdage – brot på konkurranselova.

■ ■ Sjekklista er ei noko forenkla utgåve av *Guidelines for fighting bid rigging in public procurement*, som nyleg blei utgitt av Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD).

Innkjøparar i offentlig sektor spelar ei viktig rolle i arbeidet mot konkurransekriminalitet. Dei har ofte god kjennskap til marknaden, dei har kontakt med ei rekkje leverandørar og vurderar ulike tilbod opp mot kvarandre. Såleis har dei også eit einestående høve til å oppdage avvik.

Sjekklista gir råd til innkjøparar om korleis dei kan leggje til rette for ein god anbudsprosess som førebyggjer ulovleg samarbeid mellom tilbydarane. Den peiker også på moglege faresignalar som innkjøparane bør vere merksame på.

KONKURRANSETILSYNET KAN HJELPE

■ ■ Ta kontakt dersom du har mistanke om eit anbuds-samarbeid, har spørsmål om ein anbudsprosess eller berre ønskjer råd og informasjon.

Bruk gjerne tipsskjemaet på www.konkurransetilsynet.no, eller ring vår tipstelefon 55 59 75 55.

UTDRAG FRÅ SJEKKLISTA

KVA KJENNETEIKNAR EIT ANBODSSAMARBEID?

Samarbeid om offentlege anbod kan skje på mange måtar. Formane for samarbeid kan vere sofistikerte og vanskelege å avdekkje. Dette gjeld spesielt for anbodssamarbeid som går over mange år og mange anbod.


Anbodssamarbeid skjer i hovudsak på følgjande måtar:

- Fiktive anbod. Fiktive anbod (komplementære, symbolske anbod m.m.) kjem når aktørane er einige om at eit føretak skal levere det lågaste anbodet, eller eit anbod openbart er prisa for høgt eller inneheld vilkår som ein openbart ikkje kan godta.
- Unnlating av å gi anbod. Eit føretak som elles ville lagt inn anbod, unnlét å levere anbod, eller trekkjer anbodet.
- Anbudsrotasjon. Dei aktuelle føretaka byter på å ha det lågaste anbodet.
- Marknadsdeling. Føretaka har på førehand delt marknaden mellom seg (geografisk, produktmessig, kvotar og liknande).

Heile sjekklista er lagt ut på Konkurransetilsynet si heimeside: www.konkurransetilsynet.no/sjekkliste


AVSKREKKING – ULOVLEGE AVTALAR

Tilfelle kor ein kommersiell avtale har blitt modifisert på grunn av forbodet i konkurranselova § 10



AVSKREKKING – MISBRUK AV DOMINANS

Tilfelle kor ein kommersiell avtale har blitt modifisert på grunn av forbodet i konkurranselova § 11





INFORMASJON OG KOMMUNIKASJON

Konkurransetilsynet legg vekt på å ha eit ope og aktivt forhold til samfunnet rundt seg. Informasjon og kommunikasjon er eit prioritert og integrert verkemiddel for å skape forståing for konkurransereglane og synleggjere tilsynet sine vurderingar.

■ ■ INFORMASJONSTILTAK

Kontakt med næringslivet er viktig for å spreie kunnskap om konkurranselova og om tilsynet si verksemd. I 2008 gjennomførte tilsynet i samarbeid med Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) ein serie seminar for NHO sine region- og bransjeforeiningar. Dette samarbeidet fortsetter i 2009.

Framleis er det altfor få som kjenner til ordninga med amnesti eller bøterabatt (lemping) for selskap som sjølve melder frå til Konkurransetilsynet om eit ulovleg samarbeid. I tillegg til andre informasjonstiltak er det derfor laga ein brosjyre som presenterer ordninga: *Den første som varsler går fri*. Det er òg laga ein informasjonsfilm om same tema, som blei vist på Flytoget i februar 2009.

KONKURRANSETILSYNET I MEDIA

Omtale i media er viktig for å nå ut med budskapet til store grupper. Tilsynet opplever generelt stor interesse frå media. I 2008 førde dette til godt over 3000 presseoppslag, mange av dei i medium med brei dekning og med lesarar som utgjør sentrale målgrupper for tilsynet. Dagens Næringsliv, Aftenposten og Bergens Tidende var dei tre papiravisene med flest saker om Konkurransetilsynet. På nettet kom dei fleste oppslaga på dn.no.

INTERNETT

www.konkurransetilsynet.no er ein viktig kanal for informasjon retta mot publikum, næringsliv og media. Kvar veke blir nyheiter om konkurranse lagt ut på heimesida og sendt ut på e-post til om lag 1 500 abonnentar. På nettstaden kan ein òg gjere seg kjent med konkurransereglane, lese tilsynet sine vedtak, avgjerder og påpeikingar, og laste ned eller bestille publikasjonar.

I desember 2008 blei nettsidene lagt over på ei ny teknisk plattform. Dei nye sidene er utforma i tråd med kvalitetskrava for offentlege nettstader, som mellom anna skal sikre at sidene kan lesast av alle brukargrupper.


PUBLIKASJONAR

Fire utgåver av bladet KonkurransNytt blei sende ut til abonnentane i 2008. Bladet vil ikkje bli produsert i framtida. Tidlegare utgåver kan lastast ned elektronisk på www.konkurransetilsynet.no.

HALD DEG OPPDATERT

- ■ Få ein e-post frå Konkurransetilsynet når viktige nyheiter blir lagt ut på heimesida. Registrer din e-postadresse på www.konkurransetilsynet.no/nyhetsbrev. Abonnementet er sjølvsagt gratis.

FORDELING PER MEDIATYPE 2008



I februar 2008 gav tilsynet ut rapporten *Konkurranse og innovasjon i programvaremarkedene*. I juli kom rapporten *Salgsutvikling i bokbransjen 2004 til 2007*. I oktober kom rapporten *Konkurransesmessige problemstillingar i apotek- og legemiddelsektoren*, utarbeidd i fellesskap av konkurransetilsyna i Danmark, Finland, Island, Sverige og Norge.

Rapportane kan tingast eller lastast ned på www.konkurransetilsynet.no.

KONFERANSAR OG SEMINAR

Konkurranserettsforum og konkurranseøkonomisk forum hadde i alt åtte arrangement i 2008. Desse seminarane er gratis og opne for alle interesserte, og fungerer som faglege møteplassar for både tilsette og eksterne. Størst interesse var det for professor Stefan Szymanski sitt føredrag om marknaden for medierettar for fotball og Erling Hjelmeng sitt føredrag om anbods- og prosjektsamarbeid.

Sanksjoner og prosess i overtredelsessaker var tema for den årlege konferansen i konkurranserett 15. mai. Med norske og internasjonale ekspertar på talarlista trakk årets konferanse omkring hundre deltakarar.

Stor interesse var det også rundt konferansen om kanalpakking i tv-marknaden, som tilsynet arrangerte 14. november saman med Noregs Handelshøgskole og Samfunns- og næringslivsforskning.

MASTEROPPGÅVER OM KONKURRANSE

Inger Helene Sætre vann prisen for beste masteroppgåve i konkurranserett med oppgåva *Forbudet mot urimelig høye priser i konkurranselova § 11 bokstav a*. Konkurransetilsynet deler ut denne prisen kvart år.

Prisen for beste masteroppgåve i konkurranseøkonomi blei ikkje delt ut i år fordi det berre kom inn éi oppgåve til vurdering.



EIN ORGANISASJON I STADIG UTVIKLING

Kompetanseheving er eit prioritert verkemiddel for å halde på dyktige medarbeidarar og betre kvaliteten på tilsynet sitt arbeid. I 2008 er det òg lagt stor vekt på å forbetre dei interne arbeidsprosessane.


KOMPETANSEHEVANDE TILTAK

Gjennom omfattande kursing av nytilsette og ei rekkje interne fagseminar har Konkurransetilsynet bygd opp ein stab med solid konkurranseøkonomisk og konkurranserettsleg fagkunnskap.

Les meir om dette på neste side.

BETRE ORGANISERING AV ARBEIDET

Forbetring og effektivisering av tilsynet sine arbeidsprosessar var tema for ei felles samling for alle dei tilsette hausten 2008. I tillegg har det vore leiarsamlingar for å drøfte forbetringar i organisering og rolleavklaring. Dette arbeidet vil halde fram i 2009.





PERSONALET – DEN AVGJERANDE RESSURSEN

■ ■ Konkurransetilsynet har 102 tilsette, inkludert tilsette i permisjon. Tabellen viser stillingsfordelinga i Konkurransetilsynet for kvinner og menn per 31.12.2008.

STILLING	TOTALT	KVINNER	MENN
Leiarar	20	7 (35 %)	13 (65 %)
Seniorrådgivarar	30	9 (30 %)	21 (70 %)
Rådgivarar	27	15 (56 %)	12 (44 %)
Førstekonsulentar	20	14 (70 %)	6 (30 %)
Konsulentar	3	3 (100 %)	0 (0 %)
Lærlingar	2	1 (50 %)	1 (50 %)
Totalt	102	49 (47 %)	53 (53 %)


MANGE MED KORT TENESTETID

Mange tilsette har slutta i Konkurransetilsynet sidan 2003 på grunn av flyttinga til Bergen. Tilsynet har derfor mange tilsette med kort tenestetid. 40 prosent av dei tilsette har arbeidd i tilsynet i to år eller mindre, medan 42 prosent har ei tenestetid på mellom to og fem år. Berre 18 prosent har ei tenestetid på fem år eller meir. I 2007 var dei tilsvarande tala 46, 33 og 21 prosent.

Turnoveren for 2008 var på 15 prosent. Konkurransetilsynet har ein tydeleg nedgang i turnover samanlikna med i 2007, då han var på 20 prosent. I alt 14 personar slutta i tilsynet i 2008.

EIT UNGT MILJØ

Gjennomsnittsalderen for dei tilsette er 38 år. Figuren nedanfor syner fordelinga på ulike alderskategoriar. Konkurransetilsynet har i tillegg to lærlingar som ikkje er tekne med i diagrammet eller i gjennomsnittsberekninga.



PROGRAM FOR KOMPETANSEUTVIKLING

For å styrkje kompetansen har Konkurransetilsynet ført vidare eit omfattande program for kompetanseutvikling som blei starta i 2006. Programmet har tre pilarar:

- Medarbeidarar skal lære gjennom å løyse saker, ta del i undervisningstilbod og gjere eigenstudiar
- Grunnleggjande konkurransefagleg opplæring med eksterne og interne foredragshaldarar i eigen regi
- Utvikling av spisskompetanse innan konkurranseøkonomi og konkurranserett i eksterne regi

I tillegg til interne seminar om ulike juridiske og økonomiske tema, har tilsynet arrangert fleire kurs i etterforskningsrelaterte emne, mellom anna med vekt på gjennomføring av bevissikring og forklaringsopptak.

Som eksempel på eksterne kompetanseopplegg kan nemnast at fleire medarbeidarar i 2008 har gjennomført post graduate-studium i konkurranseøkonomi ved King's College i London. Vidare har tilsynet hatt stor aktivitet knytt til leiarutvikling, med deltakarar på leiarkurs i AFF-regi og med gjennomføring av eit internt utviklingsprogram for mellomleiarar, det siste med støtte frå *Støtteordninga til forsøks- og utviklingsprosjekt for kompetanseutvikling i Staten*.

MANGE KVALIFISERTE SØKJARAR

Konkurransetilsynet har hatt 14 stillingskunjgeringar i dagspressa i 2008. I gjennomsnitt var det 25 søkjarar per stilling. Det blei tilsett 26 personar, av desse var 14 kvinner og 12 menn.

Tilsynet har hatt god tilgang på kvalifiserte søkjarar til fagstillingar som konsulent/førstekonsulent. Dette gjeld både økonomar og juristar. Men det har vore vanskeleg å rekruttere og halde på juristar med erfaring i konkurranseøkonomi og økonomar og juristar med leiarerfaring.

Konkurransetilsynet har også teke inn studentar som sommarvikarar for å gi dei eit innblikk i tilsynet sitt arbeid, og for å auke interessa for å arbeide i tilsynet når studia er avslutta. 140 studentar søkte på sommarjobbane i 2008.

I 2008 blei tilsynet godkjent som lærebedrift av Hordaland fylkeskommune. To lærlingar starta ei to-årig læretid hausten 2008. Éin lærling er knytt til kontorlaget og ein lærling til IKT-servicefaget. Begge lærlingane vil vere ferdig utdanna våren 2010.



HØG KOMPETANSE

Konkurransetilsynet har mange tilsette med høg utdanning. 74 prosent har utdanning som samfunns- eller siviløkonom, eller som jurist. Seks av dei tilsette har doktorgrad. Sjeføkonomen i tilsynet er professor i samfunnsøkonomi.

UTDANNING	TOTALT	KVINNER	MENN
Samfunns-økonomar og siviløkonomar	33 (32 %)	10 (30 %)	23 (70 %)
Juristar	42 (41 %)	23 (55 %)	19 (45 %)
Anna høg utdanning	17 (17 %)	9 (53 %)	8 (47 %)
Lågare utdanning	10 (10 %)	7 (70 %)	3 (30 %)
Totalt	102 (100 %)	49 (48 %)	53 (52 %)

LØNSFORDELING

Gjennomsnittleg løn for kvinner i prosent av gjennomsnittleg løn for menn for utvalde stillingar per 31.12.2008:

■ Toppleiarar	97 %
■ Mellomleiarar	95 %
■ Seniorrådgjevarar	105 %
■ Rådgjevarar	99 %
■ Førstekonsulentar	99 %

SJUKEFRÅVÆR

Konkurransetilsynet har inngått avtale om inkluderande arbeidsliv, og arbeider aktivt med å redusere sjukefråværet. Sjukefråværet var på totalt 2,6 prosent i 2008 mot 5,38 prosent i 2007. Framleis er fråværet lågare for menn enn for kvinner, men også fråværet for kvinner har gått ned samanlikna med i 2007.

LIKESTILLINGSARBEID

Konkurransetilsynet legg vekt på likestilling ved intern og eksternt rekruttering til alle stillingar, særleg ved rekruttering til leiarstillingar. Det er også eit personalpolitisk mål å rekruttere personar med innvandringsbakgrunn, og dette blir følgt opp i alle tilsettingsprosessar.



REKNESKAP – KONKURRANSETILSYNET

KONKURRANSETILSYNET KAP 1550 POST 01 – ORDINÆR DRIFT

	NOTE	2006	2007	2008
MIDDEL				
Overføringer frå forrige år		424 000	8 000	
Løyvingar i samsvar med tildelingsbrev		76 493 000	78 112 000	79 209 000
Tilleggsloyvingar	1	-750 000		5 900 000
Kompensasjon for lønsoppgjer		1 511 000	860 000	2 381 000
Refusjonar	2	1 347 000	3 152 000	2 439 000
Fullmakt til å overskride løyvingane 2007	3		2 529 000	
Inndekning av overskriding frå 2007	3			-1 000 000
Til disposisjon		79 025 000	84 661 000	88 929 000
FORBRUK				
LØNSUTGIFTER				
Marknadsovervaking		33 005 000	36 376 000	39 956 000
Informasjon		1 451 000	1 687 000	1 613 000
Administrasjon		9 860 000	9 577 000	9 881 000
Sum lønsutgifter		44 316 000	47 640 000	51 450 000
VARER OG TENESTER				
IT og arkiv		15 264 000	11 521 000	13 214 000
Informasjon		1 736 000	1 415 000	1 794 000
Lokale	4	4 275 000	12 377 000	9 143 000
Kompetanse		2 171 000	1 981 000	3 254 000
Rekruttering		423 000	1 084 000	1 040 000
Reiser og møte		4 393 000	3 028 000	3 875 000
HMS-tiltak		497 000	518 000	636 000
Andre driftsutgifter	5	5 942 000	5 097 000	4 402 000
Sum varer og tenester		34 701 000	37 021 000	37 358 000
SUM FORBRUK		79 017 000	84 661 000	88 808 000
SALDO		8 000	0	121 000

Note 1: I 2006 blei budsjettet til ordinær drift for Konkurransetilsynet redusert med kr 750 000, sjå note 6. Midla blei omdisponerte for å styrkje KOFA sitt budsjett. Tilleggsloyvingane i 2008 blei gitt i samband med ekstra oppgåver knytt til meierisektoren og ekstra satsing på etterforskning av økonomisk kriminalitet.

Note 2: Refusjonar av fødsels- og sjukepengar, samt refusjonar i samband med arbeidsmarknadstiltak og lærlingar.

Note 3: I 2007 hadde Konkurransetilsynet fullmakt til å overskride løyvinga på post 01 med inntil fem prosent mot ei tilsvarande innsparing i perioden 2008–2010. Overskridinga i 2007 var kr 2 529 000, medan innsparinga blei sett til kr 1 000 000 i 2008.

Note 4: Auken i utgifter til lokale frå 2006 til 2007 skuldast i stor grad utgifter til ombygging av lokala i Bergen. I tillegg måtte Konkurransetilsynet dekkje ekstra utgifter i samband med fraflytting av lokale i Oslo. Også i 2008 hadde tilsynet utgifter til ombygging. I tillegg betalar Konkurransetilsynet leige av bustad for pendlarar.

Note 5: Andre driftsutgifter omfattar til dømes kontorrekvisita, aviser, porto, venteløn og konsulenttenester.

REKNESKAP – KOFA

REGNSKAPSOPPSETT KAP 1550 POST 23 – KOFA

	NOTE	2006	2007	2008
MIDDEL				
Overføringer frå forrige år				39 000
Løyvingar i samsvar med tildelingsbrev		3 500 000	5 000 000	5 000 000
Tilleggsloyvingar	6	1 500 000	1 200 000	
Fullmakt til å overskride løyvingane mot meirinntekt	7		124 000	
Til disposisjon		5 000 000	6 324 000	5 039 000
FORBRUK				
LØNSUTGIFTER		3 711 000	5 443 000	4 275 000
Varer og tenester		1 317 000	842 000	841 000
SUM FORBRUK		5 028 000	6 285 000	5 116 000
SALDO	7	-28 000	39 000	-77 000
INNTEKTER				
KOFA-gebyr (kap 4550 post 02)		2006	2007	2008
Budsjett		186 000	193 000	201 000
Gebyr		100 000	1 134 830	1 127 000
Mindre-/meirinntekt		-86 000	941 830	926 000
Gebyr – konkurranselover (kap 4550 post 03)		2006	2007	2008
Lovbrotsgеbyr		1 490 000	935 000	3 665 000

Note 6: Tilleggsloyvinga til KOFA blei gitt for å auke kapasiteten til behandling av klagesaker slik at restansane og saksbehandlingstida blei reduserte.

Note 7: Konkurransetilsynet nytta i 2007 ein fullmakt til å overskride driftsloyvingane på kap 1550 post 23 – KOFA med inntil to prosent av løyvinga på posten mot ei tilsvarande meirinntekt på kap 4550 post 02 (KOFA-gebyr). Etter denne fullmakta kunne tilsynet overskride budsjettet med inntil kr 124 000 i 2007.



SAKSSTATISTIKK

MOTTEKNE SAKER

	2005	2006	2007	2008
Meldingar av fusjonar og oppkjøp (§ 16)	623	872	561	444
Klager og tips om brot på lova/konkurranseskadeleg framferd (§§ 10/11) [1]	162	91	58	54
Ønske om at tilsynet påpeiker skadelege offentlege reguleringar (§ 9e)	28	19	15	21
Innkome høyringssaker	195	194	211	186
Internasjonale saker	116	138	181	120
Administrative og andre saker	547	625	261	249
TOTALT	1 671	1 939	1 287	1 074

[1] F.o.m. 2007 blir enkle førespurnader vedrørende §§ 10 og 11 svart på utan at dei blir registrerte som eigne klagesaker.

AVSLUTTA SAKER

	2005	2006	2007	2008
Inngrep mot fusjonar og oppkjøp (§ 16)	6	2	5	4
Inngrep mot konkurranseskadeleg framferd (§§ 10/11)	1	0	2	4
Påpeiking av skadelege offentlege reguleringar (§ 9e)	6	2	5	3
Høyringssvar med vesentlege merknader	61	68	58	42
Avslag på ønske om inngrep (§§ 10/11)	41	55	36	27
Lovbrotsgjbyr – ikkje/for seint melde føretakssamanslutningar	6	66	17	9
Vedtak om plikt til å rapportere informasjon til tilsynet	9	3	4	0
Fastsetjing av maksimalpris for drosje	2	0	1	1
Andre vedtak		442	4	3

MELDINGAR OM FUSJONAR OG OPPKJØP

	2005	2006	2007	2008
Alminnelege meldingar	620	867	558	440
Frivillig innsende fullstendige meldingar	3	5	3	4
Mottekne meldingar totalt	623	872	561	444
Melde føretakssamanslutningar som ikkje var meldepliktige	26	41	23	17
Antal pålagde fullstendige meldingar	19	26	17	15
Antal fullstendige meldingar totalt	22	31	20	19
Andel fullstendige meldingar av alle meldingar	4 %	4 %	4 %	4 %

UTMÅLTE LOVBROTSGEBYR

	2005	2006	2007	2008
Konkurranseskadeleg framferd (§§ 10/11)			45 000 000	3 650 000
Ikkje/for seint melde føretakssamanslutningar [2]	60 000	1 850 000	610 000	235 000
Gitt uriktige eller ufullstendige opplysningar til tilsynet			30 000	

[2] Frå 1. juli 2008 er det opp til partane sjølve å bestemme når dei vil sende melding, så lenge dei ikkje byrjar å gjennomføre føretakssamanslutninga.



ORDFORKLARINGAR

BEVISSIKRING Også kalla razzia eller «dawn raid». Ved bevissikring kan Konkurransetilsynet leite etter prov for brot på konkurranselovera hjå foretak og i private heimar, utan samtykke frå dei som vert utsette for bevissikringa. Ei slik bevissikring må først vere godkjend av tingretten.

BØTERABATT Sjå lemping.

DOMINERANDE STILLING Eit dominerande føretak har ei sterk stilling i den relevante marknaden og kan i stor grad opptre uavhengig av konkurrentar og kundar. Eit slikt føretak kan hindre effektiv konkurranse i marknaden. Å ha ei dominerande stilling er ikkje forbode i seg sjølv, men føretak som har ei dominerande stilling har eit særleg ansvar for ikkje å opptre slik at konkurransen vert avgrensa. Spørsmålet om eit føretak er dominerande eller ikkje, må vurderast særskilt i kvar enkelt sak.

DUOPOL Ein marknad som er dominert av to føretak.

EFFEKTIV KONKURRANSE Effektiv konkurranse i ein marknad gjer at varer vert selde til kostnadsbaserte prisar. Effektiv konkurranse kan komme av ein kombinasjon av fleire høve, mellom anna at det finst eit visst tal tilbydarar, at dei ikkje handlar i samforstand med kvarandre og at det ikkje finst vesentlege hindringar for nyetablering.

FØRETAK Konkurranselova gjeld for føretak, det vil seie alle einingar som driv økonomisk verksemd. Det spelar inga rolle om verksemda har som mål å gi økonomisk gevinst eller ikkje, eller kva juridisk form det er på verksemda. Offentlege organ kan òg falle inn under omgrepet når det ikkje er tale om utøving av styresmakt.

FØRETAKSSAMANSLUTNING Fusjonar, oppkjøp og avtalar som fører til direkte eller indirekte, heil eller delvis kontroll i andre selskap. Føretakssamanslutningar skal meldast til Konkurransetilsynet.

HORISONTAL AVGRENSING AV KONKURRANSEN Horisontale avtalar er avtalar mellom føretak på same ledd i distribusjonsskjeda, til dømes mellom detaljistar eller mellom produsentar. Prissamarbeid og marknadsdeling er eksempel på horisontal avgrensing av konkurransen.

KARTELL Ei gruppe sjølvstendige føretak som gjennom avtale eller samordna opptreden hindrar, innskrenkar eller vrir konkurransen. Prissamarbeid, anbodssamarbeid og marknadsdeling er døme på kartellverksemd.

KOFA Klagenemnda for offentlege anskaffingar

KONKURRANSEAVGRENSANDE SAMARBEID

Konkurranselova sitt forbod mot samarbeid som avgrensar konkurransen, omfattar alle typar avtalar, skriftlege og munnlege, mellom to eller fleire føretak. Avtalen treng ikkje vere rettsleg bindande. Samordna opptreden vert òg ramma, sjølv om det ikkje finst nokon avtale. Forbodet omfattar dessutan avgjerder som er treft av samanslutningar av føretak, til dømes ein bransjeorganisasjon.

KONKURRANSESTYRESMAKTER Konkurransestyresmaktene i Norge er Kongen, Fornyings- og administrasjonsdepartementet og Konkurransetilsynet.

KONSENTRASJON Dersom det er få, store føretak i ein marknad, er det høg konsentrasjon i marknaden. Ein fusjon eller eit oppkjøp som gjer at talet på aktørar i ein marknad minkar, førar til auka konsentrasjon i den marknaden.

LEMPING Heil eller delvis nedsetting av lovbrotsgebyr, også omtala som «leniency». Eit føretak som deltar i eit ulovleg samarbeid kan verte fritteke for lovbrotsgebyr dersom det er det første til å avsløre samarbeidet. Andre føretak som deltek i kartellet kan oppnå delvis fritak ved å samarbeide med Konkurransetilsynet under etterforskinga.

LOVBROTSGEBYR Også kalla administrativ eller sivilrettsleg bot. Ved brot på konkurranselovera kan Konkurransetilsynet gjere vedtak om lovbrotsgebyr. Eit slikt vedtak kan ikkje påklagast, men kan handsamast av domstolane.

MISBRUK AV DOMINANS Sjå utilbørleg utnytting av dominerande stilling.

MARKNADSAVGRENSING Når Konkurransetilsynet skal vurdere kva for verknader ei særskild åtferd har for konkurransen, eller kva for verknader ei føretakssamanslutning kan ha, tar tilsynet utgangspunkt i forholda i den eller dei aktuelle marknaden. Avgrensing av den relevante marknaden inneber å identifisere ein produktmarknad og ein geografisk marknad. Marknadsavgrensinga må gjerast konkret i kvar enkelt sak.

MARKNADSDELING Oppdeling av marknader mellom konkurrentar. Det kan til dømes vere tale om geografisk deling, deling av kundegrupper eller deling av marknader for ulike produkt.

MONOPOL Ein marknad med berre eitt føretak.

OLIGOPOL Ein marknad som er dominert av eit fåtal store føretak.

OVERTREDELSESGBYR (BOKMÅL) Sjå lovbrotsgebyr.

PRISSAMARBEID Samarbeid om fastsetting av prisar. Prissamarbeid svekkjer konkurransen, fordi pris som regel er den viktigaste faktoren i konkurransen. Derfor ser konkurransestyresmaktene særleg alvorleg på slikt samarbeid.

PÅBOD OM OPPHØYR Ved brot på forboda i konkurranselovera kan Konkurransetilsynet påby at den ulovlege åtferda skal opphøyre. Eit påbod om opphøyр kan innehalde alle tiltak som er naudsynte for å få slutt på lovbrotet. Påbod om opphøyр kan òg nyttast i kombinasjon med gebyr.

PÅPEIKING Fråsegn frå Konkurransetilsynet om konkurranseregulerande verknader av offentlege tiltak.

RELEVANT MARKNAD Sjå Marknadsavgrensing.

UTILBØRLEG UTNYTTING AV DOMINERANDE STILLING Utilbørleg utnytting av ei dominerande stilling er forbode etter konkurranselovera. Det vil seie at føretak som kvar for seg eller saman har ei dominerande stilling i marknaden, ikkje får misbruke denne marknadsmakta. Eksempel på utilbørleg utnytting er urimelege prisar; konkurranseskadeleg underprising; avgrensing av produksjon og sal; lojalitetsrabattar og -vilkår samt konkurranseskadelege koplingar av ulike produkt og/eller tenester.

VERTIKAL AVGRENSING AV KONKURRANSEN Avtalar mellom føretak på ulike ledd i distribusjonsskjeda, til dømes mellom grossistar og detaljistar. Fastsetjing av bindande minimumsprisar og visse former for eksklusivtetsavtaler er døme på vertikal avgrensing av konkurransen.

Konkurransetilsynet

Postboks 439 Sentrum, 5805 Bergen

Gateadresse: Olav Kyrres gate 8, Bergen

Telefon: 55 59 75 00 / Telefaks: 55 59 75 99

post@konkurransetilsynet.no / www.konkurransetilsynet.no

Design, redigering og produksjon: Gazette AS

Foto: Marit Hommedal, iStock Photo, nyebilder.no, Scanpix, GettyImages, Gazette.

